ÅRSMELDING

2019

Årsmelding for styret i Gaular IL 2019

Årsmelding for styret i Gaular IL 2017

Styret si sammansetning

Leiar	Terese Berge Myklebust
Nestleiar/anleggsansvarleg2	Ole Morten Vassdal
Økonomiansvarleg	Ole Hermann Engen
Styremedlem/weborg	Hallgeir Grinde
Styremedlem/sportsleg ansvarleg	Vigdis Tande Haugland
1. vara/sekretær	Dina Follevåg
2. vara/ anleggsansvarleg 1	Håvard Korsvoll

Møter/tilstellingar

- ✓ 7 styremøter og arbeidsmøter
- ✓ Vi har hatt 2 møte med gruppeleiarane
- ✓ Møter med grupper og nemnder, samt at gruppene/nemndene har eigne styremøter
- ✓ Styret har delteke i planlegginga og gjennomføringa av Gaularmarknaden og Storehesten Opp
- ✓ Terese Myklebust og Ole Morten Vassdal har delteke i Driftsstyret til Gaularhallen, der Ole Morten er driftsleiar.
- ✓ Møte med sponsorar, m.a. Sparebanken Sogn og Fjordane og Sport1

Saker/oppgåver styret har jobba med

- ✓ Ting vi har jobba med dette året+
  - Nytt garderobebygg i Osen
  - Opprusting av anlegget på Sande stadion, m.a. ei ny kunstgrasbane (7-a) og klubbhus
  - Bygstad idretts- og fritidspark/Idrettshall i Bygstad
  - Lage instruksar/rutinar for anlegga
  - Anleggsnemnd Sande stadion
  - Felles idrettsråd i ny storkommune
  - Sponsoravtalar
  - Inkludering av flyktningar
- ✓ Faste oppgåver
  - Økonomi
  - Fleirbrukshall – drift av hallen, vakthald, treningstider m.m.
  - Idrettsregistrering
  - Politiattestar
  - Oppfølging av gruppene og anleggsnemnder
  - Kursing/opplæring
  - Drift/vedlikehald anlegg
  - Samarbeid med næringslivet/sponsoravtalar, m.a. sponsorar til anlegga
  - Søke om midlar til nye prosjekt, drift, aktivitet
- ✓ Aktivitetar, konkurransar, arrangement
  - Storehesten Opp
  - Gaularmarknaden
- ✓ Saker framover
  - Klubbhandbok
  - Krisehandteringsplan
  - Kursing av alle trenarar
  - Rehabilitering/utvikling av anlegg
  - Lage instruksar/rutinar for alle roller/funksjonar/oppgåver i idrettslag

Styremøter
Styret har hatt 7 styremøter og behandla 36 saker, samt nokre arbeidsmøter

Medlemmer
Pr. 31.12.2019 hadde Gaular Idrettslag 741 medlemmar, derav 627 betalande. Medlemmane fordeler seg slik, etter alder og kjønn:

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år+	Sum
Jenter	10	100	78	20	103	**311**
Gutar	14	118	102	35	161	**430**
Sum	**24**	**218**	**180**	**55**	**264**	**741**

Osen stadion - Nytt garderobebygg m.m.
Etter iherdig dugnadsinnsats, står det nye garderobebygget i Osen klar til bruk, og resultatet er særdeles bra! Vi har fått to nye garderobar med dusj og toalett, kjøkken/kiosk, dommargarderobe, handikaptoalett, lager/teknisk rom og garasje til plenklippar m.m. Det einaste som gjenstår er godkjenning på kloakk/avløp, men dette har vi ein plan på. På uteområdet har ein tatt igjen parkeringa og heile langsida mot garderobebygget, der vi har fjerna og fyllt opp med nye massar for å få betre drenering. Løpebane er også tatt, men med moglegheit for å legge ny bane på toppen, når den tid kjem. Målet er å også ta friidrettsdelen på anlegget, men må først ha på plass ei arbeidsgruppe som kan jobbe med dette.

Arbeid som gjenstår på uteområdet våren 2020, er å sette opp nytt gjerde, rydde litt meir kratt (det meste vart tatt i fjor), bygge nye innbytarbenkar (på motsatt side) og kle dei gamle med treverk (fjerne platene), samt sette opp reklameskilt. Har fått inn nokre sponsorar, men vil fortsette dette arbeidet.

Økonomien i prosjektet er ekstremt bra; Vi prosjekterte med ein totalkostnad på 1,7.mill.kr, men med om lag 500.000 i dugnad/administrasjon. Sjølv om det har påløpt nokre ekstrakostnader i løpet av prosjektet (ventilasjon, m.m.), så er likevel sluttsummen på vel 1,14 mill. kr., om lag 100.000 under budsjettet. Dette er takka vere ein fantastisk dugnadsinnsats og ein svært dyktig arbeidsformann, Lars Petter Kapstad. Vi får i 2020 utbetalt ca 700.000 i spelemidlar, som er ca 150.000 meir enn budsjetter. Momskompensasjonen utgjer om lag 180.000 kr og gåve frå Sparebankstiftinga på kr 175.000, noko som gjer at GIL har brukt 200.000 kr på prosjektet, som er mindre enn budsjettert. Imponerande prosjekt!! Ein stor applaus til dugnadsgjengen – med Lars Petter i spissen.

Opprusting av anlegget på Sande stadion
Vi har oppretta ei arbeidsgruppe som jobbar med å få teikna ein heilskapsplan for Sande stadion. I denne planen har vi lagt inn treningsfelt med kunstgras i eine enden, 100m løpebane, skaterampe, sykkelløype, grøntareal, samt at ein vurderer nytt garderobebygg/klubbhus med tribune og kiosk/speakerbu oppe ved bana. Det har over lang tid vore stort behov for større treningsareal, og dette er stadig aukande med både fleire lag og fleire lag som spelar 9'ar og 11'ar (meir arealkrevjande enn 7'ar). Det er også stort behov for fleire garderobar; Ofte går det to kampar parallelt, altså 4 lag i aksjon, samtidig som opptil 4 lag gjer seg klar til neste kamp. Det er både utfordring med nok plass og at det ikkje er garderobar for begge kjønn. Vi vil ikkje greie å dekke behov fullt ut, men vil hjelpe med eit ekstra sett garderobar. Speakerbu er også stort behov for; Per i dag nyttar ein telt eller plastsekkar over lydanlegget, og dette er ikkje noko god løysing. Vi ønskjer også at anlegget skal vere mest mogleg allsidig, og legge til rette for aktivitet for flest mogleg, derfor planlegg vi inn nye aktivitetar.

Det vi har prioritert i første omgang, er å få på plass ei ekstra kunstgrasbane, bak målet til dagens bane, mot gangvegen til Løvfallsfeltet. Vi har fått kostnadsberekna arbeidet. Første utkast var på 1,3mill. + mva, men det viste seg at for å innfri alle krav til sikkerheitssone, som vart større enn først antatt pga ballfangernett mellom banene, så er siste utkast på ca 2,1 mill. + mva. Meirkostnaden ligg i hovudsak på at vi må sprenge vekk litt av fjellet, samt oppjusterte tal på både grunnarbeid, lys (kabelgrøfter m.m.), kunstgras m.m. fordi vi utvidar området.

Bygstad idretts- og fritidspark
Idrettslaget har delteke i arbeidsgruppa som har jobba med hallen i Bygstad. Gaular kommune har vedteke at hallen skal byggjast, og anbodsrunden er sluttført og entreprenør har fått tildelt oppdraget. Det er samla inn om lag 2 mill. kr frå bedrifter og privatpersonar, samt ei gåve på 10 mill. kr frå Trond Mohn! Resten blir finansiert av spelemidlar og kommunen (no Sunnfjord kommune). Siste forhandlingar om innhaldet er ikkje heilt sluttført, men det som er avklara er 7'ar bane med turnbasseng, 60m løpebane, lengde- og høgdegrop og buldrevegg. Ein ønskjer også å få til tribune, kjøkken/kiosk/allrom, og det har vore diskutert om ein skal nytte garderobane på skulen eller bygge nye garderobar. Målet er at bygginga skal vere i gang hausten 2020.

Lage instruksar/rutinar for anlegga
Vi har laga instruksar for Sande stadion, der vi har lista opp oppgåver, ansvarlege, intervall for gjennomføring m.m. Samtidig jobbar vi med å omorganisere tidlegare anleggsnemnd og banestyre til ei felles anleggsnemnd. Rammene er klare, men ventar på avklaring i høve kommunen, då dei har hatt 3 representantar i det tidlegare banestyret og er eigar av sjølve kunstgrasdekket, medan GIL eig grunnen og resten av anlegget. Overgangen til ny kommune har utsett dette arbeidet ytterlegare, då dei skal lage planar og rammar som gjeld for alle anlegga i den nye kommunen.

Felles idrettsråd i ny storkommune

Sunnfjord Idrettsråd vart skipa 28.10.19, og er det nye idrettsrådet for alle idrettslaga i den nye Sunnfjord kommune, gjeldande frå 01.01.20. Oddvar Huseklepp er vald som leiar i idrettsrådet, og Elisabeth Bø er Gaular IL sin representant i rådet.

Det har ikkje vore krav om idrettsråd i Gaular tidlegare, fordi vi berre var to idrettslag, men for kommunar med meir enn to idrettslag er det eit krav at ein har idrettsråd. Idrettsrådet skal mellom anna prioriterer søknadar inn til kommunen og fordelar midlar m.m. All kommunikasjon inn til kommunen skal gå via idrettsrådet. Dei skal også vere aktive i anleggsutviklinga i kommune, og sjå kva behov som er og kva vi skal prioritere av anlegg.

Inkludering av flyktningar o.a.
Idrettslaget tilbyr flyktningar o.a. i vanskelege situasjonar gratis tilbod første året (gjeld også styrkerom m.m. i hallen), samt har avtale med kommunen at dei dekker år 2. Vi er også veldig fleksible og forlenger om behov. I tillegg har vi lagt til rette for aktivitet med å skaffe kle/utstyr til dei som treng det.

Sponsoravtalar
Generalsponsorane for GIL er Sport1 og Sparebanken Sogn og Fjordane, samt at vi har profileringsavtale med banken i høve Storehesten Opp og Gaularmarknaden. Desse to har bransjeeksklusivitet i heile GIL.

Styret har også jobba med å fornye/skaffe nye sponsorarar på Sande stadion og Osen stadion. Dette er oppgåver som tidlegare har lagt utanfor styret, og vi jobbar med å få ny sponsoransvarleg til å ta dette.

Fleirbrukshall – drift av hallen, vakthald, treningstider m.m.
Dette fungerer relativt bra. Har ein god gjeng som stiller opp som vakt i hallen frå 2 til 8 gangar pr halvår. Har stort sett hatt greitt med vakter, men alltid behov for litt nye.

Idrettsregistrering, politiattestar
Gruppeleierane og leiar har ansvar for idrettsregistreringa av alle aktive. Dette fungerer bra.

Dina Follevåg er ansvarleg for politiattestar, og har dialog med gruppene om kven som skal levere attest. Det er eit omfattande arbeid og mange gråsoner på kven som skal levere, samt at det tar tid å få inn attestane. Styret har vedteke at vi må stramme inn dette, og nekte dei som ikkje har levert attest innan fristen å vere trenar eller ha andre roller i laget. Det har og vore litt uvisst om ein skal krevje fornying 3.kvart år. NIF gjekk ut med anbefaling om det, men politiet vil ikkje skrive ut nye attestar om det ikkje er fordi ein har ein ny funksjon/rolle.

Oppfølging av gruppene og anleggsnemnder
Har hatt to møte med gruppeleierane. Vi har møte med gruppene enkeltvis ved behov, og elles god dialog med gruppene utanom. Gruppestyra drifter gruppene sine svært godt og det er såleis veldig enkelt å følgje opp gruppene. Dei fleste anleggsnemndene er også veldig sjølvstendige og ansvarsfulle, og nødvendige drifts- og vedlikehaldsoppgåver går av seg sjølv gjennom driftige dugnadskrefter. Som nemnt tidlegare har anleggsnemnda på Sande ikkje vore organisert godt nok, og vi ventar fortsatt på avklaringar frå kommunen (tidlegare Gaular, no Sunnfjord kommune), men oppgåvene har blitt utført av dugnadsfolket! Sjå elles eiga årsmelding for Kleiva hoppanlegga og Årbergssalen alpinsenter.

Søke om midlar til nye prosjekt, drift, aktivitet
Vi har søkt om midlar frå ymse stiftingar og liknande, men GIL fekk ikkje midlar frå nokon i 2019. Vi fornya søknaden om spelemidlar til garderobebygget i Osen i november 2019, og har levert sluttrapport. Vi får 582.000 kr i spelemidlar, samt 180.000 i momskompensasjon. Vi søkte også om spelemidlar for den nye kunstgrasbana på Sande stadion, men fekk denne ikkje godkjent. Vil fornye/revidere denne søknaden hausten 2020.

Utdeling av prisar
Ingen idrettsstipend vart delt ut i år.

Økonomi 2019

GAULAR IDRETTSLAG
Organisasjonsnr. 971 364 351

Resultatutvikling og finansiell stilling
Driftsinntektene var i 2019 kr 3 202 267 mot kr 3 243 645 forrige regnskapsår. Resultatet for år 2019 viser eit overskot på kr.275.417,62 mot kr.620.297,41 i år 2018.

Resultat pr gruppe:

Grupper med overskot:	**2019**	**2018**
Styret	kr.508.647,83	kr.322.877,56
Idrettsskulen	kr.32.704,45	kr.-5.098,23
Langrenn	kr.41.104,14	kr.14.394,24
Gaularmarknaden	kr.86.946,67	kr.-6.274,73
Klatreklubben	kr.14.282,05	kr.4.071,62
Trim	kr.45.356,65	kr.44.535,52
Storhesten Opp	kr.43.233,90	kr.99.503,85
Svømming	kr.14.376,08	kr.4.404,00
Scene	kr.2.206,00	kr.42.800,81

Grupper med underskot:

Friidrett	Kr.-4.800,00	kr. -4.300,00
Fotball	kr.-44.380,18	kr.-41.621,48
Volleyball	kr.-5.000,00	kr.2.898,63
Alpint	kr.-2.166,67	kr.-2.166,67
Hopp	kr.-2.166,67	kr.-2.166,67
Handball	kr.-14.179,78	kr.-27.933,65
Årbergsdalen	kr.-58.031,34	kr.50.850,41
Sande Stadion	kr.-172.455,90	kr.222.306,38
Osen Stadion	kr.-110.683,88	kr.-62.944,98
Lyderhuset	kr.-22.858,99	kr.-26.938,24
Sagbrukshallen	kr.-76.715,00	kr.-4.364,00

Inntekter:.

- Billettsal: Gjelder sal av billettar på Gaularmarknaden.
- Standinntekter er redusert med kr.53.779,- Dette kjem i hovudsak av at Hugos Tivoli ikkje var på Gaularmarknaden i år 2019. .
- Leigeinntekter er redusert med kr.37.424,10. Dette kjem i hovudsak i frå mindre utleige av scene i år 2019.
- Inntekter i frå Gaularhallen utgjer i år 2018 totalt kr.314.536,79,- Dette inkluderer lønn til driftsleiar i Gaularhallen, vakthald, treningspakkar og ekstra leige som følgje av innkjøp av nye treningsapparat i Gaularhallen.

Driftskostnader:

- Lønnskostnad gjelder styret, dommarar (tidlegare ført på eigen konto), driftsleiar i Gaularhallen og vasking Sande Stadion.
- Avskriving av anleggsmiddel har auka i år 2019. Bakgrunnen for dette er nye investeringar i år 2019, samtidig som avskrivingstida er redusert.
- Annonser: Gjelder ny nettside Storehesten Opp, annonsering Gaularmarknaden og Storehesten Opp, samt trykk av sponsorar på drakter.

- Elektrisk kraft: Kostnadsauken kjem som følgje av kreditnota til Sande Stadion på kr.93.734,83 i år 2018.
- Bilgodtgjersle: Gjeld i hovudsak utbetaling av kilometergodtgjersle til dommar.
- Reisekostnad: Gjelder reiseutgifter artistar Gaularmarkaden, samt reiseutgifter fotball.
- Startkontigent/avgift: Kostnadsauken kjem som følgje av at fleira lag har delteke på cupar, mellom anna Norway Cup.
- Kreditkortprovisjoner. Gjelder gebyr til Izettle og Vipps.
- Avsetning til framtidig anleggsmiddel: Langrennsgruppa har fått avsett kr.20.000,- av sitt overskot for år 2019 til innkjøp av drakter i år 2020..

Investeringar år 2019
I løpet av år 2018 har Gaular Idrettslag investert i følgjande anleggsmiddel som er balanseført i rekneskapen:

- Garderobebygg Osen kr.570.415,11
- Plentraktor Osen kr.90.750,00
- Treningsapparat Gaularhallen kr.291.498,27
- Nøkkelsystem Sande Stadion kr.209.499,33
- Granulatkomme Sande Staion kr.57.021,40

Totalt kr.1.219.184,,11

Styret mener at det framlagte årsregnskapet, med resultatregnskap, balanse og noter gir en rettvisende framstilling av utvikling og resultat, samt stillingen ved årsskiftet. Det har ikke inntrådt forhold etter regnskapsårets utgang som er av betydning for bedømmelsen av årsregnskapet.

Fortsatt drift
Årsregnskapet er avlagt under forutsetning om fortsatt drift, og styret bekrefter at forutsetningen er til stede.

Sande
Styret for GAULAR IDRETTSLAG

Terese Myklebust Styreleder	Ole Morten Vassdal Styremedlem	Hallgeir Grinde Styremedlem
Vigdis Tande Haugland Styremedlem	Ole Hermann Engen Styremedlem	

Resultatregnskap pr 31.12.
GAULAR IDRETTSLAG

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
Driftsinntekter			
Salgsinntekt	5	2 276 606	2 207 566
Annen driftsinntekt		925 661	1 036 080
Sum driftsinntekter		3 202 267	3 243 645
Driftskostnader			
Varekostnad		20 795	155 977
Lønnskostnad	3	138 107	114 805
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendler	2	369 084	120 770
Nedskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler		2 809	
Annen driftskostnad		2 405 413	2 241 809
Sum driftskostnader		2 936 208	2 633 361
Driftsresultat		266 059	610 284
Finansposter			
Annen finansinntekt		10 484	10 139
Annen finanskostnad		1 125	126
Netto finansposter		9 359	10 013
Ordinært resultat før skattekostnad		275 418	620 297
Skattekostnad på ordinært resultat			
Ordinært resultat		275 418	620 297
Ekstraordinære poster			
Årsresultat		275 418	620 297
Overføringer og disponeringer			
Overført annen egenkapital		275 418	620 297
Sum overføringer og disponeringer		275 418	620 297

Balanse pr 31.12.
GAULAR IDRETTSLAG

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
Anleggsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom		3 025 068	2 377 083
Maskiner og anlegg		669 971	467 755
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende		59 018	112 292
Sum varige driftsmidler		3 754 057	2 957 131
Investeringer i aksjer og andeler		22 500	22 500
Sum finansielle anleggsmidler		22 500	22 500
Sum anleggsmidler	2	3 776 557	2 979 631
Omløpsmidler			
Kundefordringer		150 697	432 995
Merverdiavgift til gode			37 401
Sum fordringer		150 697	470 396
Bankinnskudd, kontanter og lignende		2 659 647	2 937 224
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		2 659 647	2 937 224
Sum omløpsmidler		2 810 344	3 407 620
Sum eiendeler		6 586 902	6 387 251

Balanse pr 31.12.
GAULAR IDRETTSLAG

	Note	Regnskap 2019	Regnskap 2018
Egenkapital			
Aksjekapital		2 787 018	2 787 018
Sum innskutt egenkapital		2 787 018	2 787 018
Annen egenkapital		3 224 880	2 949 462
Sum opptjent egenkapital		3 224 880	2 949 462
Sum egenkapital	4	6 011 897	5 736 480
Gjeld			
Leverandørgjeld		284 649	487 295
Annen kortsiktig gjeld		243 850	173 476
Skyldig merverdiavgift		46 505	
Sum kortsiktig gjeld		575 005	660 771
Sum gjeld		575 005	660 771
Sum egenkapital og gjeld		6 586 902	6 397 251

Sande 31.12.2019

GAULAR IDRETTSLAG

Terese Myklebust Styreleder	Hallgeir Grinde Styremedlem	Ole Morten Vassdal Styremedlem
Vigdis Tande Haugland Styremedlem		Ole Hermann Engen Styremedlem

Noter 2019

GAULAR IDRETTSLAG - Organisasjonsnr. 971 364 351

Note 1 - Regnskapsprinsipper
Årsregnskapet er utarbeidet i samsvar med regnskapslovens alminnelige bestemmelser samt god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter og kostnader
Inntektsføring ved salg av varer og tjenester skjer på leveringstidspunktet. Inntekter er vurdert til virkelig verdi av vederlaget, fratrukket merverdiavgift, returer og rabatter. Kostnadsføring skjer i samme periode som tilhørende inntekt.

Hovedregler for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld
Varige driftsmidler
Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk i virksomheten er klassifisert som anleggsmidler. Driftsmidler er aktivert til anskaffelseskost. Tomter og boligeiendommer avskrives ikke. Driftsmidler med begrenset levetid avskrives planmessig over antatt levetid. Driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ventes å ikke være forbigående.

For egentilvirkede anleggsmidler har selskapet benyttet unntaksregelen for små foretak som gir adgang til å unnlate å ta med faste tilvirkningskostnader ved beregning av anskaffelseskost.

Fordringer
Langsiktige fordringer vurderes til anskaffelseskostnad med mindre virkelig verdi er lavere, og forventet tap ikke ansees å være av forbigående art.

Kundefordringer og andre kortsiktige fordringer vurderes til pålydende etter fradrag for forventet tap. For kundefordringer gjøres det en uspesifisert avsetning for forventet tap. Andre kortsiktige fordringer vurderes individuelt.

Gjeld
Langsiktig og kortsiktig gjeld er vurdert til nominelt beløp på etableringstidspunktet fratrukket avdrag og nedbetaling.

Note 2 - Varige driftsmidler

	Tomter, bygninger og annen fast eiendom	Driftsløsøre, inventar, verktøy mv.	Sum
Anskaffelseskostnad 01.01.19	1 861 148	1 020 155	2 881 303
Tilgang kjøpte driftsmidler	1 406 054	382 248	1 788 302
Tilgang egentilvirkede driftsmidler	0	0	0
Avgang realiserte driftsmidler	-57 021	0	-57 021
Anskaffelseskostnad 31.12.19	3 210 181	1 402 403	4 612 584
Akkumulerte avskrivninger 31.12.19	-277 521	-584 011	-861 532
Akkumulerte nedskr. 31.12.19	0	-2 809	-2 809
Akk. reverserte nedskr. 31.12.19	0	0	0
Balanseført verdi 31.12.19	2 932 660	815 583	3 748 243

Årets avskrivninger	123 742	245 342	369 084
Årets nedskrivninger	0	2 809	2 809
Årets reverserte nedskrivninger	0	0	0

Økonomisk levetid	0-30 år	4-10 år
Avskrivningssats	2-3,33%	10-100%
Avskrivningsplan	lineær, saldo	lineær, saldo
Endret avskrivningsplan i året	Nei	Nei

Balansef. lånekostnad egentilv. dr.m.	0	0	**0**
Balanseførte leieavtaler	0	0	**0**

Note 3 - Lønnskostnader mv.

	2019	**2018**
Lønnskostnader	138 081	114 805
Arbeidsgiveravgift	0	0
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytelser	0	0
Sum	**138 081**	**114 805**

Gaular Idrettslag har sysselsatt 0 årsverk i regnskapsåret.

Ytelser til ledende personer

	Lønn	**Pensjonskostnader**	**Andre ytelser**
Styrets leder	10 000		
Styremedlemmer	2 000		
Sum	**12 000**	**0**	**0**

Note 4 - Egenkapital

	Aksjekapital	**Overkurs**	**Annen innskutt egenkapital**	**Opptjent egenkapital**	**Sum egenkapital**
Egenkapital 31.12.2018	2 787 018			2 949 462	**5 736 480**
Prinsippendringer og korrigeringer					
Egenkapital 01.01.2019	**2 787 018**			**2 949 462**	**5 736 480**
Årsresultat				275 418	**275 418**
Andre endringer					
Egenkapital 31.12.2019	**2 787 018**			**3 224 880**	**6 011 898**

Note 5 - Spesifisering av resultatregnskapet

Inntekter	**2019**	**2018**
Tilskudd	361 648	490 908
Sponsorinntekter	529 766	476 469
Medlemskontigent	97 850	110 135
Andre Inntekter	2 213 003	2 166 134
Sum	**3 202 267**	**3 243 646**

SÆRGRUPPENE

Vi har 11 grupper i idrettslaget. Sjå eiga årsmelding frå kvar av gruppene.

Fotballgruppa	Tarja Kvalheim - leiar Rikard Engelsen Stian Lunde Dag Tore Skilbrei	Gruppeleiar
Trimgruppa	Line Senneseth Råheim - leiar Jenny Nyland Linda Viken Brita Jordanger Kirkeeide	Gruppeleiar
Hoppgruppa	Sverre Heggernes - leiar Jarle Lundekvam Magne Øvrebø	Gruppeleiar
Langrennsgruppa	Anne Lilleaasen - leiar Kjersti Bolstad Blikra Bodil Ryste Magnar Arild Kapstad Heidi Eriksrød	Gruppeleiar
Alpingruppa	Helge Følid - leiar Marita Ness Martin Olav Senneseth Oddgeir Storhaug Kjetil Nistad	Gruppeleiar
Idrettsskulen	Ingeborg Espeland Grinde - leiar (B) Kari Klopstad (S) Bodil Ryste (B) Rune Espeland (B) Ann Helen Søgnen (S)	Gruppeleiar/leiar Sande Leiar Bygstad
Volleyballgruppa	Ikkje vore noko styre; lagt under hovudstyre.	Gruppeleiar – konstituert (gruppe skulle finne leiar)
Klatregruppa	Torstein Mundal - leiar Kristin Mundal Petter Bjørvik	Gruppeleiar
Handballgruppa	Håvard Berglund - leiar Fredrik Johnsen Malene Døskeland Anita Yndestad Britt Aarbergsbotten	Gruppeleiar
Svømmegruppa	Kristian Steinseth - leiar Stine B. Steinseth Ulrik B. Steinseth	Gruppeleiar
Friidrettsgruppa/ Storehesten Opp	Helge Kårstad - leiar Per Jarle Småmo Bodil Ryste Eirin Haugsbø Merete Espeland Gåsvær	Gruppeleiar/Arr.sjef

NEMNDER

Gaularmarknadsnemnda:
Terese Myklebust (leiar), Dina Follevåg, Sandra Loftheim, Kristine Senneseth, Kari Birkeland, Line Hjorthaug, Solbjørg Grøneng, Kristin Grø, Stian Lunde, Linn Cecilie Dingsøyr, Kristine Folland, Britt Årbergsbotten, Amalie Tyssekvam, Ann-Kristin Strandheim, Geir Kenneth Ulvik. Ole Hermann Engen har økonomiansvaret.

Arrangementsnemnd for Storehesten Opp:
Helge Kårstad (leiar), Per Jarle Smaamo, Bodil Ryste, Eirin Haugsbø, Merete Espeland Gåsvær, Arne Øvrebø, Lars Andreas Kårstad, Arild Viken, Audun Bjørvik, Martin Olav Senneseth. Terese Myklebust deltek på møta.

Anleggsnemnd Osen stadion
John Søgnen, Tore Andre Botnen og Sten Ove Båtevik

Anleggsnemnd Sande stadion
Hallgeir Grinde, Håvard Berglund, John Søgnen, Ole Morten Vassdal. Er under omorganisering, sett i samanheng med banestyret for kunstgrasbana.

Banestyre Kunstgrasbana - Sande stadion
Det har vore jobba med, men er ikkje blitt definert eit nytt styre. Ventar på avklaring frå kommunen.

Anleggsnemnd Årbergsdalen
Martin Olav Senneset, leiar, Arne Nistad, Eirik Ness, Egil Ness, Ivar Johan Aarberg, Eirik Nistad, Trond Nistad, Amund Hestad, Per Einar Eggen Ness.

Driftsstyre Gaularhallen
Ole Morten Vassdal (GIL) - leiar, Rune Kvammen (GK, skulen) - nestleiar, Terese Myklebust (GIL), Dag Kjetil Storøy (Viksdalen IL) og Kristian Kyrkjebø (andre lag/org). Rådmann/skulesjef er sekretær.

Prosjektgruppe – Osen stadion
Lars Petter Kapstad (leiar), Ole Johnny Kapstad, Endre Birkeland og Terese Myklebust. I tillegg har dei hatt med seg ein stor dugnadsgjeng, bl.a. Steinar Kårstad, Terje Buene, John Kleppe, Torkjell Mo, Dag Asle Boge, Leif Jarle Bjørvik, Daniel Senneseth, Kent Are Albertsen, Rune Kvarme, Lasse Berge, Vidar Haugsbø, Daniel Bjørvik, Håvard Korsvoll, Nils Myklebust, samt miniputt-foreldre som har måla bygget medan ungane har vore på trening.

Valnemnd:
Ronny Våge (leiar), Sveinung Furnes og Trine Bjørvik.

Revisorar
Anne Grete Skarstein og Irene Sande Nilsen

TAKK
til alle nemnder, grupper, medlemmar og aktive for flott innsats i året som har gått!! Det blir gjort ein fabelaktig jobb både i aktivitetane og på arrangement, i styrer og nemnder, samt å drifte og vedlikehalde anlegg. I tillegg har vi år hatt ekstraordinær innsats med gjengen som bygger nytt klubbhus i Osen på dugnad! Svært god styring av gruppene gjer og at vi har veldig god økonomi og kan gå i gang med fleire av prosjekta vi har på ønskelista, som gir eit endå betre tilbod til medlemmane våre – og til kommunen generelt.

Takk og til alle sponsorar og samarbeidspartnarar! De er også heilt avgjerande for aktiviteten vår!

Hovudsponsorar til laget: Sport1 og Sparebanken Sogn og Fjordane

Styret

Årsmelding for Storehesten Opp 2018

Årsmelding
STOREHESTEN OPP 2019

Storehesten Opp vart starta opp i 2006 og er eit motbakkeløp for konkurranseløparar og ein fjelltur for mosjonistar, sjå www.storehestenopp.no.
Storehesten Opp vart igjen arrangert 25. august 2018, også denne gongen i dårleg veir, låge temperaturar, regn og skodde i høgda. Dette førte til at målgang vart flytta frå toppen ned til Vardehaugane.

Arrangementet blei som vanleg gjennomført i regi av Gaular IL, - og involverte også i 2019 kring hundre frivillige dugnadsarbeidarar. Som vanleg vart det i månaden før arrangementet utført litt utbetringsarbeid på løypa mellom Stølshaugane og Kårstadskaret.
Heller ikkje dette året var hytte på toppen og det gjer at ein er noko meir varsam med å la løpet gå til toppen. Også dette året vart det bestemt om morgonen at løpet ikkje kunne gå til toppen. Erfaringa er at heretter må dårlege vervarsel føre til at beslutning om målgang lenger nede i løypa takast minst dagen før. Det blir både ubehageleg og krevjande for arrangøren å vente til same dagen løpet skal gå.

Det vart i 2015 sett opp ein Jackpot på kr 15 000 for bestetid i dame- og herreklassen, betalt av Bildeler Førde AS. Denne vart vidareført i 2016, 2017 og 2018 ved Bildeler Førde AS og Rekneskap Fjordane AS. Jackpoten er ikkje utvida i 2019. Fordi løypa vart kutta, er det sjølvsagt ikkje notert bestetid i nokon av klassane i 2018 og Jackpot'n på kr 50 000 i kvar av klassane går vidare til 2019.

Klasseoppturen vart arrangert for første gang i 2019 etter ein ide av Arne Øvrebø. Opplegget går ut på at 7. og 8. klassetrinn ved skulane i Gaular kan rekruttere påmeldingar til mosjonsklassen. Dei får 50 kr pr. person dei melder på. Pengane skal gå til ein klassetur. I tillegg får den klassen som rekrutterar relativt flest kr 5000. Det ligg også ein uttrekkspremie for alle påmelde på nettet på kr 5000.
Det er Bildeler Førde AS og Rekneskap Fjordane As som betaler påmeldingane, premien for beste klasse og uttrekkingspremien, totalt kr 35 000 og for maksimalt 500 påmelde. Det vart så pass stor interesse for dette opplegget, at det vil går vidar i 2020. Sponsorane stiller også.

Biletet til venstre;
Biletet til høgre;

Ahmet Arslan frå Alanyasport, Tyrkia vann herreklassen og Karoline Holsen Kyte frå Førde vann dameklassen i langløypa, denne gongen til Vardehaugane.
Vinnar som beste ungdomsløpar i langløypa vart Lars Øvrebø, Gaular. Det stilte ikkje løparar frå ungdomsklassen i langløypa.

I den korte løypa frå Stølshaugane til Vardehaugane vann Geir Øygard herreklassen og Hedda Kleiven Eikeset, Førde vann dameklassen. Niklas Bosdal Thorsen, Førde vann guteklassen i kortløypa og hadde også bestetid uansett klasse.

Totalt vart det registrert 283 deltakarar, fordelt på 249 i mosjonsklassen, 20 i lang løype og 14 i kort løype i konkurranseklassane. Det økonomiske resultatet av Storehesten Opp 2018 vart kr 88 867.
Bakgrunnen for det svært gode resultatet med relativt få deltakarar, er at arrangementskomiteen har kutta kostnader (meir dugnad) samtidig som sponsorinntektene er like gode som før om åra.

Avisa Firda har vore sponsor sidan starten og gir oss gode vilkår med marknadsføringa.
Airlift AS har også vore med sidan starten i 2006 og deltok med transport av utstyr før, under og etter arrangementet. Airlift har også transportert 30 sekker med grus til stien.
Intersport Førde/ Erdal Sport skaffa flotte premiar til klassevinnarane i konkurranseklassane og uttrekkspremiar i mosjonsklassen.
M.M. Øvrebø er ein viktig sponsor ved å stille plassen på Sveen til disposisjon og utfører elles svært mykje dugnadsarbeid heile helga.
Firda Billag har etter kvart blitt ein del av arrangementet i Bygstad og er ein viktig sponsor. Dette er også basert på frivillig arbeid frå mange sjåførar i ei travel tid. I 2019 fekk vi også vidareført tilbodet frå Firda Billag til å ha ein reklame på hekken til Fjordekspressen. Dette er svært god reklame for både Sunnfjord, Storehesten Opp og alle sponsorane.

Dei andre sponsorane som betalar pengar:
Bildeler Førde AS
Harald Kapstad AS
Sunnfjord Energi
Entreprenørservice AS
Spar Bygstad
Sparebanken Sogn og Fjordane
Toyota Førde (ny)

Biletet til venstre: Airlift har vore med sidan starten i 2006. F.v. Tor Håkon Kilen og pilot Stig Følid.
Biletet til høgre: Det står folk og heiar langs heile løypa langs kommunevegen, her ved avkøyrsla til Berge.

Bygstad 15.02.19.
Arr.komiteen Storehesten Opp 2019.

Bodil Ryste
Audun Bjørvik
Helge Kårstad
Merete Espeland Gåsvær
Arne Øverbø
Per Jarle Smaamo
Kjell Inge Båtevik
Martin Olav Senneseth

Årsmelding for Gaularmarknaden 2019

Gaularmarknaden vart arrangert for 40.gang og vi prøvde ut eit nytt konsept dette året, riktignok dels ufrivillig, då tivoliet hadde booka oss inn på feil helg. Det nye konseptet bestod av mange ulike modular frå Event4Fun, der vi kunne velje ut og sette saman aktivitetar slik vi ønska. Tross hektisk planlegging, då vi oppdaga misforståing til tivoliet kort tid i forkant, så vi måtte hive oss rundt for å få på plass eit alternativ. Vi landa på om lag 20 modular frå Event4Fun, og solgte dags- og helgepass med fri adgang til alle aktivitetane. Mellom anna hadde vi megazone VR-briller, surfesimulator, skyting, hoppeslott, sumobryting, fotball-dart, elektriske bilar. Dette vart stor suksess, spesielt for barn (og barneforeldre). Mykje av årsaka til suksess var sjølvsagt vêret, som viste seg frå si beste side ☺

Dessverre kom ikkje fleire av modulane retta mot ungdom, og dei som vi fekk vart sett opp på ugunstige plassar, så vi mista ungdommen. Dette er likevel mogleg å få til ved seinare høve. Ved planlegging lenger tid i forkant, kan vi både få betre modular, som ikkje var ledige no, samt at vi kan organisere det annleis.

Som vanleg solgte vi mykje god mat, som er noko av merkevara til marknaden, både heimelaga kaker, middag og kaffi. Utstillerane var hovudsakleg samla i hallen, men i det fine vêret var det fleire som ønska seg ut etter kvart. Likevel er utstillerane jamt over veldig fornøgde meg at dei kan vere samla i hallen, framfor å vere fordelt rundt om på mange klasserom. I tillegg til aktivitetane frå Event4Fun, hadde vi som vanleg vår eigen skattejakt, ansiktsmåling, tatovering m.m.

Årets artistar var Maria, Savannah og Eline i 4everU og Charlotte Hjelmeland. I tillegg vart del veldig populært med tryllekunstar MagiCurty og danseverkstaden. I tillegg var det ekstra stor interesse for paneldebatten , eller faktisk debattane, i og med at vi i år både skulle inn i ny storkommune og nytt fylke. Laurdag fekk politikarar som kjempa om plassane i Sunnfjord kommune komme med siste innspel før valdagen to dagar etter, og søndag var det duka for fylkesdebatt med politikarar som ønska å styre Vestland fylke. Mange har lurt på om det no blir slutt på GAULARmarkaden, og går over til SUNNFJORDmarknaden, men det er altså ikkje aktuelt. Gaularnamnet består både for marknaden og idrettslaget.

Takk til sponsorar, utstillarar, besøkande, artistar og ikkje minst dugnadsgjengen!! Ønskjer alle velkommen tilbake!

Terese Myklebust – leiar

Resten av arrangørkomiteen:

Sandra Loftheim, Kristine Senneseth, Kari Birkeland, Line Hjorthaug, Solbjørg Grøneng, Kristin Grø, Stian Lunde, Linn Cecilie Dingsøyr, Kristine Folland, Britt Arbergsbotten, Amalie Tyssekvam, Ann-Kristin Strandheim, Geir Kenneth Ulvik, Dina Follevåg. Ole Hermann Engen har økonomiansvaret.

Årsmelding for Idrettsskulen/Allidrett 2018/2019

Årsmelding Hopp og Sprett Sande 2018/2019

Ansvarleg: Kari Klopstad
Tidspunkt: 17-18 måndagar
Stad: Gaularhallen – Sal 3

Oppsummering av aktiviteten:

Frileik der alle foreldre er med å sette ut og rydde på plass utstyr. Bevegelsestrening.
Ikkje innleigd instruktørar eller søkt om midlar.

Påmeldte:

Totalt 19 betalande, usikker på om nokon har nytta Vipps for ein-gongs betalingar.
Alvin Myren Aarberg, Olander Alværen Fossen, Malin Gammel Bergtun, Ingrid Emilie Brendsdag, William Chihab Aldin, Emil Dvergsdal, Emma-Oleah Øverlid Einen, Agned Folkestad, Sophia Folland Nielsen, Amalie Lunde Bjørvik, Olai Forstad Ness, Olai Nyland, Hannah Øvrebø, Lilja Senneset Rygg, Inga Seljesæter Jolanki, Theodor Senneseth, Axel Stenseth Solberg, Otilie Hovland Storhaug, Theo Valsvik.

Aktivitetsplan:

Totalt 22 økter, 9 økter før jul og 13 økter etter jul.

Årsmelding Hopp og Sprett Bygstad 2018/2019

Ansvarleg: Rune Espeland
Tidspunkt: 17.30 måndag partalsveker
Stad: Gymsal Bygstad skule

Oppsummering av aktiviteten:

Stort sett frileik der ein set ut diverse utstyr som matter, tau, tjukkasar, osv slik at borna for utfalde seg. Foreldra bidrar til å sette opp utstyr på nye måtar for å få variasjon frå gang til gang. Avsluttar kvar gang med "bjørnen sover" for å få ei felles avslutning.
Ikkje innleigd instruktørar eller søkt om midlar.

Påmeldte:

- Totalt 8 stk: Aleksander 2017, Leni 2017, Sondre 2016, Tiril 2016, Even 2015, Kasper 2015, Louise 2015 og Ragnar 2015

Aktivitetsplan:

Totalt 14 økter, 5 økter før jul og 9 økter etter jul.

Espeland 08.02.20,Rune Espeland

Årsmelding Sande miniidrettskulen 2018/2019 - Born født 2013

Det var sendt ut invitasjon til alle borna i kull 2013 i sande barnehage. 18 barn meldte seg på. Miniidrettsskulen var gjennomført i gaularhallen måndagar frå 17.00-18.00. Det vart oppretta ei facebookgruppe for foreldra til deltakarane, der ein kunne melde frå om ein ikkje hadde mogelegheit til å delta. Gruppa vart og brukt til informasjon om aktivitetane, dersom nokon av aktivitetane måtte endrast undervegs og om der var behov for utekle eller anna utstyr til aktivitetane.

Aktivitetsplanen var delt opp i 5 hovudaktiviterar (basistrening, Volleyball/balltilvenning, barneleik/regelleik, fotball og hinderløype) med tilhøyrande 6 hovudtrenarar. Utanom dette var det og lagt opp til ein lommelykttur i løpet av sesongen. Til kvar aktivitet var det lagt opp til to hjelparar. Hovudtrenar informerte hjelparane i forkant dersom det var behov for spesiell førebuing. Alle borna måtte ha ein forelder som var tilgjengeleg under aktivitetane (ein forelder kunne ha ansvar for fleire born, men dette måtte avklarast med barnet i forkant). Det var gode tilbakemeldingar på aktivitetane, og foreldre og born opplevde det forutsigbart at det var kontinuitet både i forhold til hovudtrenarar og aktivitetar. Aktivitetane var godt planlagt og gjennomført kvar gong. Sesongen starta mandag 15.10.2018 og vart avslutta mandag 08.04.2019 før påskeferie.

I løpet av sesongen fekk vi tilbakemelding frå gaularhallen om at det var fleire born som ikkje deltok på organisert aktivitet, som rota på utstyrsrommet og laga støy i hallen. Det vart då sendt ut melding på facebookgruppa, slik foreldre fekk beskjed om dette ift eldre og yngre søsken som var med på treninga. Denne beskjeden frå gaularhallen gjaldt alle som hadde aktivitetar i hallen på ettermiddagen denne sesongen.

Dato	ansvar	aktivitet	hjelper 1	hjelper 2
15.10.2018	Geir Haakon Rygg	**Basistrening/turn**	Tommy Nyland	Arturas Bruzas
22.10.2018	Line Senneset	**Volleyball/balltilvenning**	Maylinn Aaberg	Kristine Senneset
29.10.2018	Linda Viken	**Basistrening**	Kristine Senneset	Irina Talaba
05.11.2018	Kent Even Hellebust	**Barneleik/regelleik**	Sandra Berg	Johanne Tømmerbakke
12.11.2018	Kristian Aabergsbotn	**Fotball**	Håkon Langeland	Karsten Karlsen
19.11.2018	Ole Herman Engen	**Hinderløype**	Tommy Nyland	Arturas Bruzas
26.11.2018	Geir Haakon Rygg	**Lommelykttur**	Maylinn Aaberg	Kristine Senneset
03.12.2018	Line Senneset	**Volleyball/balltilvenning**	Kristine Senneset	Irina Talaba
10.12.2018	Linda Viken	**Basistrening**	Sandra Berg	Johanne Tømmerbakke
17.12.2018	Kent Even Hellebust	**Barneleik/regelleik**	Håkon Langeland	Karsten Karlsen
juleferie				
07.01.2019	Fredrik Johnsen	**Handball**	Kristine Senneset	Arturas Bruzas
14.01.2019	Fredrik Johnsen	**Handball**	Tommy Nyland	Benjamin Nielsen
21.01.2019	Fredrik Johnsen	**Handball**	Maylinn Aaberg	Irina Talaba
28.01.2019	Kristian Aabergsbotn	**Fotball**	Sandra Berg	Johanne Tømmerbakke
04.02.2019	Ole Herman Engen	**Hinderløype**	Håkon Langeland	Karsten Karlsen
11.02.2019	Geir Haakon Rygg	**Basistrening/turn**	Tommy Nyland	Arturas Bruzas
Vinterferie				
25.02.2019	Line Senneset	**Volleyball/balltilvenning**	Maylinn Aaberg	Benjamin Nielsen
04.03.2019	Linda Viken	**Basistrening**	Sandra Berg	Irina Talaba
11.03.2019	Kent Even Hellebust	**Barneleik/regelleik**	Håkon Langeland	Johanne Tømmerbakke
18.03.2019	Kristian Aabergsbotn	**Fotball**	Kristine Senneset	Karsten Karlsen
25.03.2019	Ole Herman Engen	**Hinderløype**	Tommy Nyland	Arturas Bruzas
01.04.2019	Geir Haakon Rygg	**Basistrening**	Maylinn Aaberg	Benjamin Nielsen
08.04.2019	Line Senneset	**Volleyball/balltilvenning**	Sandra Berg	Irina Talaba
Påskeferie				

Sande, februar 2020 – Kristine Senneset

Årsmelding for miniidrettskulen i Bygstad 2018-2019

Ansvarleg: Bodil Ryste
Tidspunkt: 17.30-18:30 måndag oddetalsveker
Stad: Gymsal Bygstad skule

Barn født 2013 og 2014

Det vart sendt invitasjon til alle barna i Bygstad i desse årskulla (via barnehagen), og 14 barn meldte seg på til mini-idrettsskulen, og det var jamt over veldig godt oppmøte på idrettsskulen gjennom heile året.
Aktivitetsplanen startar etter haustferien og varer til veka før påske. Treningstid i gymsalen var annakvar mandag frå 17.30 – 18.30. Det vart sett opp ein hovudtrenar og ein hjelpetrenar til kvar økt. Hovudtrenarane i år har vore: Bodil Ryste, Bjørn Egil Holmøyvik, Marie Sofie Sagevik Kleppe og Pål Anders Kårstad. Alle foreldre som har barn med vert sett opp som hjelpetrenarar 1-2 gongar i løpet av sesongen. I tillegg hadde vi hjelp frå instruktør i buldring ein gong.
Aktivitetane har vore til dømes hinderløype, ballaktivitet, leikar, buldring (buldreveggen på gamleskulen) og ski (på Langeland). I år avslutta vi sesongen før påske med ute-aktivitet ved skulen, premieutdeling (medaljar) og grilling for alle deltakarar og foreldra på idrettsskulane i Bygstad samla.
Desse barna deltok:
Liam Skaflestad, Tarjei Ryste Haugsbø, Aurora Hestad Båtevik, Maria Sagevik Kleppe, Johannes Holmøyvik, Thor Bätz, Eivind Holsen Berqvam, Iver Osen, Julian Sølvberg, Sofia Grimelid Kårstad, Jakob Berget Espeland, Izabella Dobosz Håvik, Martine Michelle Øvrebø, Szymon Ryzner.

Aktivitetsplan sesongen 2018-2019

Veke - dato	Aktivitet	Stad	Ansvarleg (utheva skrift + hjelparar)
43 - Måndag 22. oktober	Bli kjent. Hinderløype.	Bygstad skule – gymsal	**Bodil Ryste. Hjelpar:** Hestad/Båtevik
45 - Måndag 5. nov	Ballaktivitet. Stasjonar.	Bygstad skule – gymsal	**Bodil Ryste**. **Hjelpar**: Bätz
47 - Måndag 19. nov	Leikar.	Bygstad skule – gymsal	**Marie Sofie Sagevik. Hjelpar:** Solheim/Kleppe
49 - Måndag 3. des	Hinderløype (aking og ute-aktivitet dersom snø!)	Bygstad skule – gymsal (eventuelt ute)	**Bodil Ryste. Hjelpar:** Holsen/Berqvam
3 - Måndag 14. januar	Ballaktivitet	Bygstad skule – gymsal	**Bjørn Egil Holmøyvik. Hjelpar:** Dobosz/Håvik
5 - Måndag 28. januar	Hinderløype	Bygstad skule – gymsal	**Marie Sofie Sagevik. Hjelpar:** Bjotveit Øvrebø
7 - Måndag 11. feb	Klatring/Buldring	**Gamleskulen - Buldreveggen**	**Bodil Ryste. Hjelpar:** Berget/Espeland
9 - Måndag 25. feb	Ski/Vinteraktivitet	**Langeland skisenter**.	**Bodil Ryste/André Haugsbø Hjelpar:** Kvamme/Holmøyvik og Grov/Sølvberg
11 - Måndag 11. mars	Stasjonar og stafettar	Bygstad skule – gymsal	**Pål Anders Kårstad/Solveig G Kårstad. Hjelpar:** Ustad/Skaflestad
13 - Måndag 25.mars	Ballaktivitet	Bygstad skule – gymsal	**Bjørn Egil Holmøyvik. Hjelpar:** Osen
15 – Dag/dato kjem	Avslutningstur eller aktivitetsstasjonar saman med Idrettsskulen. Informasjon blir sendt ut på epost.	Utandørs. Informasjon blir sendt ut på epost.	**Bodil og Ingeborg. Hjelparar blir kontakta.**

Årsmelding Idrettsskule Sande 2018/2019

Ansvarleg: Ann Helen Søgnen med hjelp av Linda Merethe Sunde Karlsen
Tidspunkt: 17:30-18:30 1.-4. klasse
Stad: Gaularhellen Sande

Oppsummering av aktiviteten:

Det blei sendt ut felles aktivitetsplan for alle idrettsgrupper fra Gaular IL. Der stod det påmeldingsfrist og kven ein skulle melde seg på til.

Det vart ei gruppe på 17 stk. som kom i gang. Det var 6 stk fra 1.klasse, 5 stk fra 2.klasse og 6 stk. fra 3.klasse. Ingen fra 4. klasse.

Namn på ungane: Magnus Gjerde, Elias Sunde Karlsen, Amalie Varlid Bergtun, Brage Øvrebø, Lea Bernardzik, Mari Brendsdal, Sigrid Marie G. Austgulen, Samuel Senneset, Ella-Marie Horsevik, Alfred Hyllnes-Rikstad, Leah S. Dingsøyr, Alan Janas, Victor Tokarz, Emrik Sunde Karlsen, Hans Adrian Verken, Vilje Larsen og Hanna Søgnen.

Eg sette opp plan for 2 foreldre som ansvarlige kvar gang. Sendte denne ut som e-post og sms. Påminning kvar gang til desse på facebook-gruppa og sms. Dette fungerte bra. Vi hadde ingen hovudtrener, men eg var der stort sett kvar gang. Vi starte opp 18.10.18 og hadde avslutning før påske.

Aktiviteter vi hadde var klatring, svømming, turn med Håvard Haukeland, orientering, slåball, fotball, landhockey, lommelykt-tur, sykling, aking på Tryti med kakao og appelsin, Langeland på ski 3 ganger, elever fra ungdomskulen hadde 3 ganger med eige opplegg, yoga med Monika Viken Sande. Avlutning til påske hadde vi aking og grilling med foreldre og ungane, og premieutdeling av medalje.

Vi søkt om penger fra Norges idrettsforbund i utviklingsstøtte, og fekk 8000,-.

Det var ei aktiv gruppe, og dei fleste var med kvar gang. Foreldre var flinke å stille opp. Det var veldig kjekt at ungommer og andre voksne ville stille opp. Dei fikk godtgjering.

Aktivitetsplanar:

DATO	AKTIVITET	ANSVARLIG
18/10	Ballspel	Narve Søgnen Kenneth Gjerde
25/10	Kanonball Basistrening	Sara Marie Horsevik Kine Rikstad Kari Klopstad
01/11	Fotball Hinderløype	Piotr Janas Solbjørg Grøneng Katrine Haukeland
08/10	Klatring Landhockey	Norun Folland/Linda K. Sunde Håvard Senneset Hege Brendsdal
15/11	Svømming Må være klar i bassenget til 17.30	Kristian Steinseth Hugo Verken
22/11	Orientering	Karsten K. Sunde

	Ute m/lommelykt og refleksvest	Beate Varlid Tone Larsen
29/11	Slåball Kanonball	Narve Søgnen Wioletta Tokarz Sara Marie Horsevik
06/12	Står open. Kom med innspel. Gjerne noko dans eller bevegelse til musikk	Lindi Kjelsnes
13/12	Lommelykt-tur Avslutning til jul	Alle foreldre

Dato	Aktivitet	Ansvarlig	Hjelpar
10/1	Hinderløype	Narve Kennet Solbjørg	
17/1	Ski Langeland	Håvard Narve	
24/1	Ski Langeland	Linda Karsten	
31/1	Tryti aking	Ann Helen Kari	Alle foreldre
07/2	Hinderløype/fotball	Solbjørg Ann Helen	Solrunn Linn Cecilie
14/2	TURN	Håvard Haukeland	Tone Larsen Heidi Verken
Vinter-ferie			
28/2	Opplegg med elever ungdomsskulen	Narve	
7/3	Opplegg med elever ungdomsskulen	Narve	
14/3	Yoga/mindfullnes ---------- Innebandy	Monica V.Sande ---------- Sara Horsevik Kine Rikstad	Ann Helen ----------
21/3	Opplegg med elever ungdomsskulen	Narve	
28/3	Uteleiker evt. inne om stygt vær. Tikken, regelleiker m.m.	Lindi Hugo Bergtun	Alle foreldre
4/4	Sykling og/eller klatreparken	Håvard Hege Brendsdal Katrine Haukeland	Alle foreldre
11/4	Siste trening (kjem tilbake til aktivitet)	Ann Helen Linda	Alle foreldre

Sande, 11.02.20
Ann Helen Søgnen

Årsmelding Idrettsskule Bygstad 2018/2019

Ansvarleg: Ingeborg Grinde
Tidspunkt: 17:30-18:30 1.&2. kl. 18:30-19:30 3.&4.kl.
Stad: Gymsal & uteområde skulen (Buldrehall Bygstad, Langeland skisenter)

Oppsummering av aktiviteten:

Ikkje vanskeleg å aktivisere ungane! Full fart! Fekk 2 ungdommar til å ha ein økt for begge gruppene, Eline og Astrid (16 år). Veldig flinke, og ungane tykkjer det er supert med andre instruktørar enn forelde :) Opplevde fleire gonger at hjelpe-trenarar ikkje stilte på trening, er då vanskeleg for hovudtrenarar å gjennomføre økta og ikkje bruke mykje tid på å organisere aktivitet og følgje opp ungane.

Påmeldte:

Totalt 41 ungar har delteke.

2012 – 12 stk:
Bjørn Harald Solheim, Aleksander Mads Bygstad, Sondre Støldal Buene, Jonas Kårstad Følid, Sigurd Grinde, Nora Laukeland, Tiril Båtevik, Gabriel Kårstad Pedersen, Vemund Lervik Søvde, Leon Aven, Hanna Kårstad, Iselin Haugland

2011 – 12 stk:
Sara Yndestad, Ella Ryste Haugsbø, Solveig Evie Aase, Anna Fluge Kvamme, Rebekka Sofie Gjerland Leirvik, Svala Kleppe, Johanne Lervik, Celina Søgnen, Eline Holmøyvik, Oda Amalie Osen, Guro Natalie Solheim Kleppe, Irmelin Befring Hellebust

2010 – 6 stk:
Ella Sofie Aase, Vilde-Aurora Gjelsvik, Sverre Grinde, Isak Sagevik Kleppe, Sander Eide Eriksrød, Rut Elisabet Gjerland Leirvik

2009 – 11 stk:
Anna Espeland Øvrebø, Jonas Fluge Kvamme, Daniel Laukeland, Sunniva Hatlenes, Mathilde Laukeland, Eilin Båtevik, Rakel Hestad Båtevik, Andreas Borkamo, Håvard O Kårstad, Andrine Marie Rusken Bjørvik , Martin Lillebø (2008)

Aktivitetsplan:

AKTIVITETSPLAN - IDRETTSSKULEN I BYGSTAD Haust 2018

Månad Veke	Dag\dato	Aktivitet		Tid		Stad	Ansvarleg og Hjelparar	
		Gruppe I 1.-2. kl	Gruppe II 3.-4. kl.	Gr. I	Gr. II		Gr. I	Gr. II
Oktober Veke 42	torsdag 18.	Sykkel	Sykkel	17.30-18.20	18.30-19.30	Uteområde Bygstad skule	**Ingeborg Grinde** Hjelpar: Tiril B. Hjelpar: Nora L.	**Ingeborg Grinde** Hjelpar: Eilin B. Hjelpar: Mathilde L.
Oktober Veke 43	torsdag 25.	Sirkeltrening	Sirkeltrening	17.30-18.20	18.30-19.30	Gymsal	**Andrè Haugsbø** Hjelpar: Gabriel K.P. Hjelpar: Vemund L.S.	**Ingeborg Grinde** Hjelpar: Isak S.K. Hjelpar: Sander E.E.
November Veke 44	torsdag 1.	Handball/ Ballferdighet	Handball/ Ballferdighet	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Bjørn Egil Holmøyvik** Hjelpar: Hanna K. Hjelpar: Sara Y.	**Ingeborg Grinde** Hjelpar: Håvard O.K. Hjelpar: Sunniva H.
November Veke 45	Torsdag 8.	Handball/ Ballferdighet	Handball/ Ballferdighet	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Vigdis T. Haugland** Hjelpar: Solveig Evie A. Hjelpar: Anna F.K.	**Andres Borkamo** Hjelpar: Andrine R.B. Hjelpar: Jonas F.K.
November Veke 46	Torsdag 15	Balanse og koordinasjon	Balanse og koordinasjon	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Bodil Ryste** Hjelpar: Rebekka Sofie Hjelpar: Johanne L.	**Bodil Ryste** Hjelpar: Rut Elisabet Hjelpar: Vilde Aurora
November Veke 47	Torsdag 22	**BYGDEKVELD! IDRETTSSKULE UTGÅR**						
November Veke 48	torsdag 29.	Buldreveggen	Buldreveggen	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gamleskulen	**Hallgeir Grinde/ Ida Johanne Kårstad** Hjelpar: Leon A.	**Hallgeir Grinde/ Sten Ove Båtevik** Hjelpar: Sverre G.
Desember Veke 49	torsdag 6.	REFLEKSTUR UTEKLEDE, REFLEKSVEST OG LOMMELYKT/ HOVUDLYKT Meir informasjon kjem!		17.30 –ca 19.00 Merk tida!		Uteområde Bygstad skule	**Ingeborg Grinde, Heidi Eriksrød** Hjelpar: Oda Natalie O. Hjelpar: Irmelin B.H.	

Månad Veke	Dag\ dato	Aktivitet		Tid		Stad	Ansvarleg og Hjelparar	
		Gruppe I 1.-2. kl	Gruppe II 3.-4. kl.	Gr. I	Gr. II		Gr. I	Gr. II
Januar Veke 2	Torsdag 10.	Styrke/ sirkeltrening	Styrke/ sirkeltrening	17.30-18.20	18.30-19.30	Gymsal	**Ingeborg Grinde** Hjelpar: Solveig Evie Hjelpar: Anna	**Ingebog Grinde** Hjelpar: Ella Sofie
Januar Veke 3	Mandag 14.	Ski på Langeland	Ski på Langeland	17.30-18.20	18.30-19.30	Langeland	**Bodil Ryste** Hjelpar: Bjørn Harald Hjelpar: Alexander Mats	**Andres Borkamo** Hjelpar: Håvard
Januar Veke 4	Torsdag 24.	Ballferdighet	Ballferdighet	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Astrid & Eline** Hjelpar: Jonas Hjelpar: Tiril	**Astrid og Eline** Hjelpar: Isak Hjelpar: Eilin
Januar Veke 5	Torsdag 31.	Hinderløype	Hinderløype	17.30-18.20	18.30-19.30	Gymsal	**Astrid & Eline** Hjelpar: Sara Hjelpar: Sigurd	**Astrid og Eline** Hjelpar: Sander Hjelpar: Sverre
Februar Veke 6	Torsdag 7.	Klatring/ Yoga + balanse	Klatring/ Yoga + balanse	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal & Gamleskulen (delte grupper)	**Yoga/Balanse: Ingeborg** Hjelpar: Svala **Buldrevegg: Klatregruppa** Hjelpar: Sondre	**Yoga/Balanse: Ingeborg** Hjelpar: - **Buldrevegg: Klatregruppe** Hjelpar: Daniel
Februar Veke 7	Torsdag 14.	Klatring/ Yoga + balanse	Klatring/ Yoga + balanse	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal & Gamleskulen (delte grupper)	**Yoga/Balanse: Vigdis T.H.** Hjelpar: Gabriel **Buldrevegg: Klatregruppa** Hjelpar: Vemund	**Yoga/Balanse: Ingeborg** Hjelpar: - **Buldrevegg: Klatregruppa** Hjelpar: Vilde-Aurora
VINTERFERIE :) VINTERFERIE! VINTERFERIE :)								
Februar Veke 9	Torsdag 28.	Skøyter på Bringelandsvatnet/ Aking/Ute-aktivitet		17.30 – 18.20		INFO KJEM!	**Ann Mari S. Buene og Heidi Eriksrød** Hjelpar: Leon Hjelpar: Sunniva	
Mars Veke 10	Torsdag 7.	Friidrett	Friidrett	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Bodil Ryste** Hjelpar: Johanne Hjelpar: Guro Natalie	**Audhild Hestad** Hjelpar: Andrine
Mars Veke 11	Torsdag 14.	Friidrett	Friidrett	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Unni G. Leirvik** Hjelpar: Nora Hjelpar: Irmelin	**Unni G. Leirvik** Hjelpar: Mathilde
Mars Veke 12	Torsdag 21.	Turn/ Koordinasjon	Turn/ Koordinasjon	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Ingeborg** Hjelpar: Eline Hjelpar: Ella	**Ingvild E. Øvrebø** Hjelpar: Andreas
Mars Veke 13	Torsdag 28.	Turn/ Koordinasjon	Turn/ Koordinasjon	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	Gymsal	**Ingeborg** Hjelpar: Oda Amalie Hjelpar: Hanna	**Ingvild E. Øvrebø** Hjelpar: Rakel
April Veke 14	Torsdag 4.	Sykling	Sykling	17.30 – 18.20	18.30 – 19.30	UTE Bygstad skule	**Ingeborg** Hjelpar: Anna	**Ingeborg** Hjelpar: Jonas
April Veke 15	Torsdag 11.	AVSLUTNINGSTUR		17:30 –19		Osen Folkesti	**Ingeborg & Bodil** Hjelparar: Iselin og Martin	

Espeland, 08.02.2020 – Ingeborg Espeland Grinde

Årsmelding symjegruppa

Styrets sammensetning

Leder:	Kristian B. Steinseth
Nestleder:	Stine B. Steinseth
Styremedlemmer:	Ulrik B. Steinseth

Styrets arbeid

Styremøter
Det er avholdt 1stk styremøte.

Spesielle oppgaver
Våre viktigste oppgaver:

- Jobbe med å øke svømmeskoletilbudet og kapasitetene der.

Aktivitet

Svømmeinstruktører 2019:

- Kristian B. Steinseth (svømmeskoleansvarlig)
- Stine B. Steinseth (hovedtrener)
- Ulrik B. Steinseth
- Bodil Helene Øvretveit
- Håvard Korsvoll

Assistenter 2019:

- Karsten Karlsen Sunde

Vinter-/vårperiode:
Svømmeskolen har tilbudt svømmeundervisning.
Kursene ”vannmerket” , ”selunge”, og ”sel” ble startet og avsluttet.
Hvis vi holder avsluttende kurs utenfor, hadde vi totalt 25stk deltakere på svømmekursene denne perioden.

Høst-/vinterperiode:
Svømmeskolen har tilbudt svømmeundervisning.
Kursene ”vannmerket”, ”hval”, ”selunge” og ”sel” er startet opp. Disse hadde avslutning i januar 2020.
Vi har totalt sett hatt 32 deltakere på kurs denne perioden.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål.
Vi er etter omstendighetene fornøyd med 2019. Diverse omstendigheter gjorde til at vi ikke hadde kapasitet til større aktivitet.
Det er fortsatt utfordrende å rekruttere nye instruktører.
Vi er veldig godt fornøyd med at kursene vi arrangerer i all hovedsak er fulle. Tilbakemeldingene vi får fra deltakere, foresatte og andre er utelukkende positive. Dette sammen med å følge barna i sin utvikling og mestringsfølelse er svært givende og motiverende for instruktørene og assistentene i svømmegruppa.
Fremtidige mål.
Rekruttere flere instruktører for å øke tilbud og aktivitet innenfor svømmeopplæring.
Langsiktig mål om å tilby egentrening for ungdom og voksne.
Langsiktig mål om å kunne tilby familiebading.
Langsiktig mål om å kunne utdanne instruktører innenfor småbarnssvømming og ”vill i vann”. Dette vil øke bredden i tilbudet tilknyttet bassenget.

Medlemstall

Fordeling av kursdeltakere - personavhengig

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Jenter/Kvinner	8	13				
Gutter/Menn	4	16				
Totalt	12	29				

Kursdeltakere - personavhengig

	2016	2017	2018	2019	
Kvinner	13	20	13	21	
Menn	15	20	21	20	
Totalt	28	40	34	41	

Kursdeltakere – uavhengig av person (samme person kan ha deltatt på flere kurs)

	2016	2017	2018	2019	
Kvinner	13	37	20	32	
Menn	15	39	34	29	
Totalt	28	76	54	61	

Årsmelding for klatregruppa

Årsmelding Gaular klatreklubb 2019

Gaular klatreklubb har i 2019 hatt god aktivitet i buldreveggen vår i Bygstad. Vi har hatt fast opning ein gong i veka. I tillegg har det vore ei fast tid for familieklatring. I tillegg til faste medlemmer har vi ofte hatt besøk av klatrarar frå nabokommunar. Opningskveldane er ein god arena både for trening og for det sosiale.

I tillegg til vanlege opningskveldar har vi hatt fleire besøk av Allidrett der vi har vore med som instruktørar. Den store hendinga i år som i fjor var julebulderet 26. desember. Dette har vorte eit arrangement som både våre medlemmer og andre klatrarar frå området set stor pris på. I år hadde vi for andre år på rad rekord i antal deltakarar, med omlag 50 påmeldte klatrarar. Det kom folk frå Førde, Høyanger, Sogndal, Jølster, Gloppen og fleire andre stader. Også i år var det høgt nivå på klatrarane som det var ein tøff kamp om seierane. Vi hadde denne gongen fire ulike klassar; herre, dame, gutt og jente, med fleire deltakarar i alle klassar.

Dei siste åra har vi hatt eit medlem frå klubben vår som har delteke i nasjonale konkurransar. Dette er Sindre Gråberg Bareksten. Han er elev ved klatrelinja på Lillehammer vidaregåande og deltak i norgescup og NM i buldring og klatring som representant for Gaular klatreklubb. Han gjer det godt i konkurransane og er regelmessig med i finaler. Han er ein flott representant for klubben vår.

I 2020 vil vi fortsette med faste opningstider onsdagar kl 18-20. Medlemmer får også tilgang til veggen utanom denne tida. I forbindelse med den planlagte bygginga av den nye hallen i Bygstad, vil det i tida framover vere viktig at klubben er involvert i planlegging av den nye buldreveggen som skal inn der. Vi ynskjer også å satse på etablering av klatrefelt utandørs i nærmiljøet.

Årsmelding for Langrennsgruppa 2019

Flott Gaular-gjeng på skitrening. Foto: Andres Borkamo.

VINTER 2019 (SESONG 2018-2019)

Det var produsert kunstsnø før jul (desember 2018) på Langeland skisenter, slik at langrennstreningane kunne gjennomførast på Langeland frå januar og utover sesongen. I januar var det bra med natursnø, men utover sesongen «redda» vi oss på kunstsnøen som laga ein god base i 2 km-løypa og den nye sprintløypa. På treningane fokuserer vi på å leike inn skiferdigheitene, spesielt dei yngste, og litt meir spesifikk teknikktrening for dei eldste.

Trenarar vinter 2019: Bodil Ryste og André Haugsbø (2 og 3 kl). Magnar Arild Kapstad, Ingunn Holsen og Andres Borkamo (4 kl og eldre).

I tillegg til dei faste trenarane, får vi god hjelp av foreldre og nokre av dei eldste deltakarane på langrennstreninga. Deltakartal på treningane var 50-55 totalt for alle aldersgrupper.

På skitreningane er det mykje skileik! Foto: Andres Borkamo

ARRANGEMENT OG KONKURRANSAR 2019

Mykje folk på skirenn på Langeland. Foto: Bodil Ryste

Karusellrenn Langeland
Saman med Førde IL vart det vinteren 2019 arrangert 6 karusellrenn, der dei to siste renna er lags- og merkerenn (klassisk og fristil). I tillegg arrangerte vi sonerenn skicross saman med Førde IL. Deltaking på skirenn er frivillig, men det er kjekt å sjå fleire med Gaular langrennsjakker i aksjon i løypene!

Det var totalt 54 Gaularløparar i alderen 5 år til senior som deltok på karusellrenna, der 39 av desse gjekk 4 renn eller fleire, og 15 gjekk alle renna. 37 Gaularløparar tok skimerket. Året før var det 42 som gjekk karusellrenn ein eller fleire gongar, så det er kjekt å sjå at talet stig!

Skicross 10 februar:

Dette sonerennet avvikla Gaular IL søndag 10. februar saman med Førde IL med 51 deltakarar frå 7 år og yngre til 16 år. Løypa hadde kular, svingar/portar, bratt unnabakke, rygging m.m. Det blei først gjennomført prolog, deretter heat, slik at alle fekk gå løypa to gongar. Litt meir utfordrande teknisk enn «vanleg» skirenn, og deltakarane synest denne konkurranseforma er morosam.

Norgescup junior

Torstein Bolstad Blikra, Lars Øvrebø, Ivar Nistad og Bjørn Borkamo har deltatt og oppnådd gode resultat i nasjonale renn for junior gjennom heile sesongen. I jr NM vart dei beste plasseringane slik: Bjørn 31 pl på 15 km skøyting G18, Lars nr 87 på 15 km skøyting (G19-20) og Ivar nr 68 på sprint i G17. Torstein var i militæret denne skisesongen, og fekk ikkje deltatt i så mange av dei nasjonale renna. Det er ikkje så mange av skigruppene i fylket som har så mange juniorutøvarar, så dette er vi stolte av.

NM-stafett for senior

Gaular IL stilte også lag i NM-stafett for senior i Meråker i januar 2019. Laget bestod av André Haugsbø på 1. etp, Bjørn Borkamo på 2. etp og Lars Øvrebø på 3.etp. Alle gjekk veldig gode skirenn, og laget enda på 60. pl (av 92). Med tanke på den enorme breidda og nivået i norsk langrenn, må ein seie at med ein veteran og to juniorar på laget, var dette eit svært godt resultat av Gaular IL.

KM – arrangert på Langeland skisenter av Førde IL

<u>KM Skicross</u>: 1. pl: Bjørn Borkamo G18, 2. pl: Ivar Nistad G17
Totalt 6 deltakarar frå GIL

<u>KM klassisk</u>: 1. pl Bjørn Borkamo G18, Bodil Ryste KS, Mathea Kjelstad Lilleby J13.
2. pl: Ivar Nistad G17.
3 pl: Andre Haugsbø MS, Tiril Kapstad J15.
Totalt 15 deltakarar frå GIL

<u>KM skøyting:</u> 1. pl: Mathea Kjelstad Lilleby J13, Bodil Ryste KS.
2. pl: André Haugsbø MS.
3. pl: Ivar Nistad G17, Lars Øvrebø M19-20.
Totalt 12 deltakarar frå GIL.

Resultat lagsmeisterskap

Klassisk 5. mars 2019:

Deltakarar i klassane 10 år og yngre (urangert):

J7 år og yngre:	Helga Mo Haugen, Tiril Båtevik og Sofia Grimelid Kårstad
G7 år og yngre:	Johannes Holmøyvik, Tarjei Ryste Haugsbø, Sondre Støldal Buene og Storm Skilbrei
J8 år:	Johanne Lervik, Ella Marie Horsevik, Eline Holmøyvik, Ella Ryste Haugsbø
G8 år:	Edvart Gillestad, Samuel Senneset, Henrik G. Kårstad, Mads Mo Haugen og David L. Kårstad
J9 år:	Elise Lundekvam
G9 år:	Sjur Skilbrei
J10 år:	Eilin Båtevik, Rakel Båtevik
G10 år:	Bruse K. Aarbergsbotten, Andreas Borkamo, Marius Sund Engelsen, Mathias Grepstad Karlsen, Hogne Nyland, Nikolai Viken Olsen, Ole Arvid Sande, Filip L. Kårstad

Resultat 11 år og eldre:

J11 år:	1. pl Tuva Kapstad, 2. pl Othilie Gillestad
G11 år:	1. pl Peder K. Lilleby
J12 år:	1. pl Maria Borkamo
J13 år:	1. pl Mathea K. Lilleby
J14 år:	1. pl Ingeborg Borkamo
J15 år:	1. pl Tiril Kapstad
FH jenter jr:	1. pl Katrine Lundekvam

Skøyting 12. mars

Deltakarar 10 år og yngre (urangert):

J7 år og yngre:	Helga Mo Haugen
G7 år og yngre:	Johannes Holmøyvik, Tarjei Ryste Haugsbø, Sondre Støldal Buene
J8 år:	Johanne Lervik, Ella Marie Horsevik, Eline Holmøyvik, Ella Ryste Haugsbø
G8 år:	Edvart Gillestad, Samuel Senneset, Henrik G. Kårstad, Mads Mo Haugen
J9 år:	Elise Lundekvam
G9 år:	Sander Eide Eriksrød, Hans Oskar Viken Tuften
J10 år:	Thea Emilie Berg Senneseth, Rakel Båtevik
G10 år:	Bruse K. Aarbergsbotten, Andreas Borkamo, Marius Sund Engelsen, Mathias Grepstad Karlsen, Daniel Grøvlebakke Lunde, Nikolai Viken Olsen, Ole Arvid Sande

11 år og eldre:

J11 år:	1. pl Tuva Kapstad
G11 år:	1. pl Peder K. Lilleby
J12 år:	1. pl Maria Borkamo
J13 år:	1. pl Mathea K. Lilleby
J14 år:	1. pl Ingeborg Borkamo
G14 år:	1. pl Steffen Ulvik Nyland, 2. pl Sondre Askeland Hofstad
J15 år:	1. pl Tiril Kapstad
FH jenter jr:	1. pl Katrine Lundekvam

Avslutning av sesongen

Sesongen vart avslutta med diplomfest i skihytta for alle som deltok på treningane (20. mars), og med premiefest for karusellrenna, lagsmeisterskap og skimerke 10. april.

HAUST 2019 (SESONGEN 2019-2020)

Ny langrennssesong starta etter haustferien 2019. For dei som var 10 år og eldre og deltok på fotball, varte sesongen der litt lenger enn haustferien, så desse vart med etter fotballsesongen var avslutta.

Sidan skigruppa har ca 15 rulleskipar til utlån på Langeland, prøvde vi for første gong med rulleskitrening i rulleskiløypa på Langeland. Dette var svært populært, og med stort oppmøte måtte vi veksle på diverse leikaktivitetar på beina og å prøve rulleski. Det er fantastisk å sjå kor fort barna løyser nye utfordringar og fann ut av balansen på rulleskia. Seinare på hausten veksla vi på inne- og utetrening ved Bygstad skule. Før jul fekk vi gjennomført ei trening på ski på Langeland. Vi fekk sponsa ein utstyrspakke til skikleik frå Sunnfjord Energi (verdi kr 10 000), noko vi var svært takknemmelege for.

Deltakartal trening haust 2019: Jamt over 60 barn og unge på treningane etter haustferien (ca likt fordelt på dei to gruppene). Dette er veldig bra.

Trenarar haust 2019: Bodil Ryste, André Haugsbø (2 og 3 klasse). Magnar Arild Kapstad, Ingunn Holsen og Andres Borkamo (4 kl og eldre).
Vi har også hatt god hjelp av foreldre og også veldig kjekt at junior-/seniorutøvarane våre, Lars Øvrebø og Torstein Bolstad Blikra, har vore med og hjelpt til på treningane. Dette er til stor inspirasjon for dei yngre.
Treningstider onsdagar kl. 18-19 for dei yngste, og 19-20 for 8. klasse og eldre.
Vi hadde foreldremøte like etter oppstart, med informasjon om treningane og planar for sesongen, samt litt om skiutstyr. Kring 30 foreldre deltok.
Kurs: André Haugsbø, Magnar Arild og Ingunn Holsen deltok på grasrottrenarkurs rulleski på Langeland 25. oktober. For deltakinga fekk vi sponsa ein utstyrspakke til bruk på barmarkstrening. Veldig kjekt.
Anna: Det er krevjande at skidressane må bestillas 8 veker før levering og styret arbeider med ei anna ordning.
Langrennsgruppa bidreg med eig godt overskot til Gaular Idrettslag i 2019.
Leiar i skigruppa, Anne Lilleaasen, er med i langrennskomiteen i Sogn og Fjordane skikrins.

Styret i Skigruppa:
Anne Lilleaasen (leiar), Magnar Arild Kapstad (nestleiar), Kjersti Bolstad Blikra, Heidi Eriksrød (ny etter årsmøtet 2019), Bodil Ryste. Ingunn Kjelstad gjekk ut av gruppestyret etter årsmøtet 2019.

Årsmelding volleyballgruppa

Ikkje vore noko aktivitet. Styret fekk fullmakt av årsmøtet til å evt. godkjenne eit styre for vollayballgruppa, men det har ikkje vore aktuelt.

Årsmelding trimgruppa

Trimgruppa har i år bestått av: Line S Råheim (leiar), Brita Jordanger Kirkeeide og Linda Viken.

Vi har i år ikkje hatt nokon møter for heile styret, men fleire arbeidsmøter med delar av gruppa.

Arbeidet dette året har i hovedsak vore knytt til administrering/organisering av saltreninga i Gularhallen og fjelltrimmen «ut og opp Gaular». Fjelltrimmen genererte mykje aktivitet med i overkant av 100 deltakarar som til saman gjekk 5147 turar. Vi hadde i år 51 postar. I Gularhallen har vi hatt 6 instruktørar som vekentleg har holdt kvar sine treningstimar innan styrke/uthaldstrening i sal eller spinning. Trimgruppa står for organiseringa av saltreninga og det er gjennom året ein del arbeid med rekruttering av instruktørar, setting av timeplanar ++.

Januar 2019 starta vi opp med volleyballtrim for vaksne søndagskvelden basert på påmelding på facebookgruppa og dropinbetaling på vipps. Det var ikkje kvar søndag det vart nok påmelde til å spele volleyball, men ein fekk til nokre økter fram til mars.

Årsmelding handballgruppa

Det er blitt avholdt 3 styremøter i 2019. Styret har bestått av:

- Fredrik Johnsen
- Anita Yndestad
- Britt Aarbergsbotten
- Malene Døskeland
- Håvard Berglund (Leder)

Trenere sesongen 2019/20

Gutter 2012
Marlene Døskeland/Stine Lutentun

Mix 2011
Solbjørg Grøneng

Jenter 2010
Kristine Folland/Malene S. Døskeland

Gutter 2010
Kristine Folland/Malene S. Døskeland

Jenter 2009
Line Råheim/Malene S. Døskeland

Gutter 2009
Linda Viken/Malene S. Døskeland

Gutter 2008
Stine Lutentun/Janne Dimmen

Jenter 2007
Line Råheim/Linda Viken/Marlene Sund/Wenche Lund Hesjedal

Gutter 2004/2005/2006
Leif Otto Olsen

Jenter 2004/2005/2006
Fredrik Johnsen/Leif Otto Olsen

I regionsserien ble det meldt på følgende lag:

-1 lag for jenter født 2004/2005/2006 (J14)
-1 lag for gutter født 2004/2005/2006 (G14) - Har og her et samarbeid med Dale Håndball
-2 lag for jenter født 2007 (J12)
-2 lag for jenter født 2009 (J10)
-2 lag for gutter født 2009 (G10)
-2 lag for jenter født 2010 (J9)
-2 lag for gutter født 2010 (G9)

I tillegg har vi hatt flere minihåndballag påmeldt i minihåndballturneringene

Økonomi:

Fremdeles grunnet halleie ved kamp og trening/påmeldingsavgifter ift deltagelse i seriespill, er det å holde økonomien i balanse en utfordring. I tillegg går sesongen for håndball fra aug-juni på 2 forskjellige år noe som fører til at inntektene på treningsavgift ikke blir stabilt.
Vi har noen sponsorer som har bedret dette noe, men ettersom det er lite lokale sponsorer som ikke allerede sponser en gruppe i Gaular IL er det ikke mye å hente på det markedet.
Mål for økonomien i 2020 er å gå i ballanse selv om vi fremdeles ser at jo eldre gruppene våre blir jo dyrere er de å holde i drift da de trenger større treningsområde, flere treninger og det koster mer å melde de på i serien.
Dommerutgifter er og fortsatt en utfordring da vi som klubb har veldig få dommere. NHF har bestemt at de som har få dommere (poengsystem) skal få en bot, noe vi blir belastet med.

Treningstider:
Lagene våre har i dag følgende treningstider:

Mix 2011	1 sal	mandager	1800-1900
Gutter 14	hel bane tirsdager	1500-1630	
	Hel bane	torsdager	1830-2000 (Sammen med J14)
	G14 har og tilbud om å trene med Dale i Gaularhallen		
Jenter 10, Gutter 10	hel bane tirsdager	1830-1930	
Jenter 12	hel bane tirsdager	1930-2100	
Jenter 14	hel bane mandager	1900-2030	
	hel bane torsdager	1830-2000	

Medlemmer:
Gaular Håndball hadde pr 090220 119 stk medlemmer.

Håvard Berglund
Leder Gaular Håndball

Årsmelding Gutar født 2012(Gutar 7)

Vi er ei gruppe på 13 gutar der alle er frå Sande. Vi leikar mykje med ball, der vi øver på kast og mottak,, teknikk, samspel og fysisk aktivtet generelt. Vi har spelt turneringar i nærkommunane og dette har sjølvsagt vore stor stas. Gutane er som 7 åringar flest, fulle i energi og gir ofte alt på trening. Vi er så heldige å vere 4 trenarar til desse gutane, då kan vi dele dei i mindre grupper og fokusere meir på kvar enkelt. Då vi er 4 trenarar er det meir fleksibelt mtp at vi alle ikkje er nødt å vere fastlåst til å møte på alle treningane.

Mvh trenarane Stine Lutentun, Bjørn Inge Nilsen, Ole Marius Nes og Malene Døskeland.

Årsmelding Jenter og Gutar født 2010 (J/G9)

Jenter og gutar 9 trente i vår saman med kullet over. Etter sommaren delte vi oss og no trenar vi åleine. Vi er 7 jenter og og 10 gutar på trening. Gutar 9 har fått mange nye spelarar no i haust og det tenker eg er positivt både når det gjeld handballen som lagsport og det sosiale i kullet. Jentene er ei stabil gruppe og har spelt ilag fleire sesongar. Det er ei veldig kjekk gruppe å trene då alle møter på trening positive og klare til å leike med ball og samtidig lære litt og litt nytt kvar gong. Vi har stort fokus på samspel og det positive med handball som lagsport. Vi kastar mykje ball, øver på forsvar og angrep, prøver å få til eit positivt samarbeid i gruppa. Vårsesongen spelte vi på minibane (1/3 bane) med 4 spelarar på bana. Nytt frå hausten er at vi har begynt å spele på kortbane (2/3 bane) med 5 spelarar. Denne overgangen mot stor bane likar vi godt då vi slepp den transportetappen på midten. Flesteparten av gutane er nye, men likevel så klarer vi å holde oss på nivå med andre lag, det er sjølvsagt veldig motiverande for gutane. Jentene har spelt fleire år og viser også at dei er på nivå med dei andre laga vi spelar mot. Eg håpar at alle spelarane er klar for endå ein sesong.

Trenar Malene Døskeland.

Årsmelding jenter 2009. (Jenter 10)

Jenter 10 hadde treningar ilag med kullet under i vår, men har trena ilag med gutar 10 pluss nokre gutar og jenter frå kullet over no i haust. Vi er 3 trenarar, som er positivt både for små og store, og vi kan rullere på kven som reiser på turnering. Vi spelte på minibane i vår(1/3 bane) og har gått over til kortbanehandball no i haust (2/3 bane.) På jentelaget er dei 10 jenter både frå bygstad og sande født 2009 og to jenter frå sande født 2008. Det var kjekt for jentene å gå over på kortbanespel og dermed større plass på bana under kamp. På trening har vi fokus på ball, både kast og mottak, litt teknikk og samspel i gruppa. Det er mykje aktivitet og ungane er fulle i energi på trening, vi har det veldig kjekt til tross for at treningsgruppa er stor. Treningane er lagt opp slik at det er full fart og mykje leik med ball. Vi har vore på turneringar i nærkommunane og fokus på turnering er at alle skal få spele like mykje, spele på ulike plassar på bana, og vi rullerer på kven som er keeper, slik at det blir mest mogleg ballkontakt for alle.

Trenarane Line Råheim, Vigdis Haugland og Malene Døskeland.

Årsmelding for gutar 12, våren 2019.

Gutar 12 laget bestod av 3 gutar født i 2007 og 4 gutar født i 2006. Ein hadde søkt dispensasjon for tre spelarane, to gutar født i 2005 og ei jente født i 2006 for å kunne stille lag.
Trenarar: Edith Burdahl og Leif Otto Olsen
Oppmann: Britt Aarbergsbotten

Mål og fokus for handballaget G-12, våren 2019:
Hovudmålet for G-12 har vore å ha det gøy med handball både på kamp og på trening. Kvar enkelt spelar skulle få utvikle seg utifrå sin ståstad, og ha fokus på lagspel.
Vi har hatt to treningar i veka. Mandagar kl 19-20.30 saman med G13, og tirsdagar 15.00-15-45.
På treningane har ein hatt fokus på: Speleglede, lagkjensle og spele kvarandre gode, speleforståing, kast og mottak, småspel, forsvarspel og angrep.
Laget hadde siste handballkamp i serien i mars 2019, og etter det vart handballsesongen avslutta for laget.

Edith Burdahl - Trenar for G-12.

Årsmelding for gutar 13, våren 2019

Vi har hatt ei stabil spelargruppe, med 11 spelarar, 9 gutar født i 2005 og 2 gutar født i 2004. Ein har søkt dispensasjon for dei to spelarane som er født i 2004.
Hovudtrenar: Håvard Berglund Hjelpetrener og oppmann: Edith Burdahl

Mål og fokus for handballaget G-13, våren 2019:
Hovudmålet for G-13 har vore å ha det gøy med handball både på kamp og på trening. Kvar enkelt spelar skulle få utvikle seg utifrå sin ståstad, og ha fokus på lagspel.
Vi har hatt to treningar i veka. Mandagar kl 19-20.30 saman med G12, og onsdagar kl. 19-20.30.
På treningane har ein hatt fokus på: Speleglede, lagkjensle og spele kvarandre gode, speleforståing, kast og mottak, småspel, forsvarspel; støting og låsing og angrep; pådrag, finter og ulike bevegelser/trekk.
Laget og den enkelte spelar viser framgang, noko som er motiverande og positivt å sjå.
Denne sesongen var det få lag i serien, og derfor speler vi 4 kampar mot kvart lag. Dette var ikkje noko optimal situasjon. Sidan laget har to spelarar på dispensasjon, kunne vi ikkje delta i fylkesmesterskap på slutten av sesongen. Vi hadde i staden planlagt å reise på Ål cup i mai 2019, men cupen vart avlyst p.g.a få påmelde lag.

Håvard Berglund og Edith Burdahl
Trenarteam for G-13.

Årsmelding handball G14 Gaular/Dale, haustsesongen 2019

Hovedtrenar: Leif Otto Olsen
Ass. trenar: Robin Oen Næss, Dale IL
Lagleiar: Astrid Kapstad Tyssekvam
Ass.lagleiar: Beate Oen, Dale IL

Sesongen 2019/2020 har vi eit samarbeid med Dale IL, der 4 gutar frå Dale er med på laget vårt. Totalt er vi 16 spelarar, fordelt på tre årskull, 2004, 2005 og 2006. Vi har dispensasjon for dei 2 spelarane som er født i 2004.
Gutane frå Gaular har 2 treningar i veka med Leif Otto Olsen og 1 trening i veka der dei trenar i lag med J 14/15 frå Dale + dei 4 gutane frå Dale. På den fellestreninga med Dale, er det Jonny Pedersen som er hovedtrenar og Robin Oen Næss har hatt fokus på keepertrening. Våre mest erfarne spelarar synest desse treningane er veldig bra, men nokre av spelarane våre har valgt å ikkje vere med på desse bl.a. pga eit heilt anna nivå/tempo og at Jonny har ein trenarstil mange av våre gutar ikkje har vore vande med. For dei spelarane som vil satse skikkelig på handballen er det veldig positivt med desse treningane.
I serien er det berre 5 lag, og det blir veldig få kampar med 2 kampar mot kvart lag. Vi har sendt tilbakemelding til kretsen om det, men det har ikkje blitt nokon endring, dessverre.
Leif Otto Olsen tok over laget etter Håvard Berglund, og Leif Otto gjer ein god jobb med laget.
Mvh lagleiar Astrid Kapstad Tyssekvam

Her er nokre ord frå Leif Otto Olsen:
G14 er ett felleslag med Gaular / Dale og er på meldt med disp. Dispensasjon er valgt for att det gode fellesskapet ible guttegruppa skal fortsette slik det har vært tidligere.
Leif Otto Olsen blei spørt om jeg kunne ta treneroppgavene og det startet jeg med i august til Elvetorget Cup 2019 , da med fellestrening sammen med J14. 28.08 som første treningsdag.
Sesongen startet med kvalifiseringskamper til divisjonsserie 1. eller 2. div.. 15.september vart det spilt 2 kamper i Loen , hvor vi gikk seirende ut av begge. 28.09 spilte vi siste kvalifiseringskamp og vant denne også som da gav spill i 1.div .
Vårt fokus og målsetting har hele tiden vært å få til ett bedre lagspill og fellesskap.

Jeg har lagd opp til mye bruk av ball med fokus på kast og mottak som er hoved ingrediensen i håndballspillet.

Etter to / tre treninger begynte jeg å skrive opp oppmøte fordi att disse første oppmøtene var vel varierande. 5 – 12 i oppmøtte spillere.
Første oppskrevne trening 24.09., var fullt oppmøte med 12 gutter. Jamt over er det godt oppmøte . Dårligst oppmøte er på 6 stk..
Andreas E. har vært med på alle treningene og det merkes på hans utvikling som håndballspiller.
Utvikling ellers er helt klart positiv og vi ser stadig flere som tar håndballen ett skritt videre , skyter bedre ,sentrer sikrere og samspiller bedre .
Fredagstreningene har jeg ikke hatt oversikt over. Jeg synest det er positivt med en ekstra trening for de som vil noe med handballen.
Lite konflikter i gruppa. Dei vi har hatt har vi ordnet opp i med samme. Det er aldersforskjell og interesseforskjeller som har vært opphavet til noe småtull.
Vi har vært ujevne i spillet vårt med ett 19 målstap for serieleiarane i november og til 4 målsseier på bortebane sist helg mot samme lag. Meget fornøyd.
Samarbeide med Dale har gått greit.

Leif Otto Olsen
Trener

Årsmelding 2019, Handball gutar f. 2009

Sesongen 2019/2020 starta vi med 11 gutar f.2009. Grunna utfordringar med få spelarar for 11åringane, har vi hatt 4 spelarar født 2008 på dispensasjon denne sesongen. I tillegg har vi fått med fleire gutar utover hausten, så vi er ei stor treningsgruppe! Vi har deltek i seriespel med to lag på 5'ar handball.
Vi har hatt felles trening med jenter 10år, noko vi opplever som positivt for heile gruppa! Det kan sjølvsagt vere utfordrande å ha ei treningsgruppe på over 25 10 og 11-åringar, men med 4-5 vaksne så har det gått veldig fint så langt. Vi er opptekne av leikbasert trening der meistring og idrettsglede er det viktigaste, samt godt samhald og gode relasjonar.
Vi har spelt fleire kamper før jul og no første helga over nyttår. Det har vore scora mykje mål, vist fantastisk innsats og speleglede, og ikkje minst har alle gutane scora mål så langt! Alle får like mykje speletid og vi rullerar på keeper og posisjonar på bana, slik at alle får allsidig erfaring. Gutane viser god innsats og viser fin framgong frå kamp til kamp, det er veldig kjekt å sjå!

Vi ser fram til resten av sesongen med desse ivrige, flinke gutane☺

Desse har delteke:
Bruse Aarbergsbotten, Marius Engelsen, Ole- Arvid Sande, Tarek Yasen, Mathias G Karlsen, Nikolai V Olsen, Hogne Nyland, Andreas Borkamo, Jonas F Kvamme, Daniel G Lunde, Olai Døskeland, Eirik L Helle, Peder Lilleby, Sondre M Kjøsnes, Vetle H Folkestad, Maurycy Reksc, Tobias Boge.
Vi vil rette ein takk til foreldre som stiller opp og hjelper til når vi treng, spesielt stor takk til dei som har tatt på seg å leie laget på kamp:)
Mvh
Trenerar og lagleiar
Linda M Viken, Marlene Sund og Britt Aarbergsbotten

Årsmelding 2019 Handball, jenter f.2007

Vi starta sesongen med 17 jenter, to nye Gaular jenter og dei tre jentene frå Høyang som var med oss i fjor. Det er veldig gledeleg av vi i år har hatt 17 kjekke og motiverte jenter på trening, og dermed stiller vi to lag i serien i år. Vi starta treninga i september. Treningsviljen har vore veldig god og jentene har vore godt raude i kinna og slitne i beina, men alltid positive og glade på trening.
Vi har delteke i seriespel i år. Motstandarane har vore Dale, Florø, Førde og Askvoll. Det har blitt både seier og tap så langt i sesongen, men viktigast er at vi har sett fin framgong frå kamp til kamp. I år har vi begynt meir strukturert trening på forsvars- og angrepstrekk og vi har også endeleg fått med strekspelar! Vi har i år som i fjor, valgt å rullere på både keeper og posisjonar på bana for å gi alle allsidig erfaring.

Trenarteamet har bestått av 4 engasjerte damer med lite handball- erfaring, men med mykje iver og anna idretts-/ treningserfaring. I år har vi også vore så heldige å få god hjelp av Leif Otto Olsen, og ikkje minst har vi hatt nokre økter der Camilla Stenseth har hjulpe oss spesielt iht keeperposisjonen! Det har har vore gull verdt!

Desse jentene har delteke:
Ingeborg S Døskeland, Frida Birkeland, Malin S Råheim, Laura Kirketeig, Ingrid T Skagen, Rakel E Aarberg, Oda Eline Viken Olsen, Luka Hemula, Andrea S Engelsen, Hedda Olsen Fortun, Thea S Våge, Maria Borkamo, Madelen Båtevik, Zainab Yasen, Katrine Frivik, Karoline Hesjedal og Katrine Hesjedal.
Takk for ein fin sesong så langt jenter, vi ser fram til resten av kampane!
Mvh trenarar og lagleiar
Line S Råheim , Linda M Viken, Marlene Sund, Wenche L Hesjedal og Ingrid Døskeland.

Årsmelding 2019 – handball g/j 2011

2011 kullet har felles trening 1 time per veke.
Vårsesongen 2019 var det 16 born med på handball.
Det var kun ein trenar, so foreldra rullerte på å vere hjelpetrenar, ei ordning som fungerte greit.
Vi hadde ein sal i hallen, og det vart i periodar trangt, og lite kapasitet til kamptrening, men vi gjorde so godt vi kunne og var med på turnering denne våren.
Fokus på treningane var leik og moro, bli trygg på ball, plassering på bana mm.
Vi hadde siste turnering i mars, men holdt fram med trening til mai.

Sosial kveld på starten av 2019 når hallen var utleigd til andre

Hausten 2019 starta vi opp litt før haustferien, det var 24 barn som meldte seg for å vere med på handball, 23 som heldt fram etter eit par prøvetimar. Veldig kjekt at so mange vil vere med, men det krev meir trenarkapasitet og plass i hallen. Vi disponerar no 2 salar kvar trening, har fått med fast medtrenar og rullerar på foreldrevakter, 2 som hjelper til på kvar trening.

Turnering

Vi har med 6 gutar, og 17 jenter, og vi har spelarar frå Sande, Guddal og Bygstad, veldig kjekt å bli kjend på tvers av skulekrinsane!

På turneringane har vi stilt med 2 jentelag og 1 gutelag inntil vidare, då det er nokre av spelarane som kun ynskjer vere med på trening, ikkje på turnering.
På treningane har vi hatt fokus på sikre og gode pasningar, reglar og plassering på bana.
Vi ser at vi må jobbe meir med tempo på spelet, finter og skudd på mål.

Vi arrangerte turnering for 2011 årgangen i Gaularhallen i november, under kyndig leiing av lagleiar og god innsats frå alle foreldre (samt hjelp frå foreldre i 2012 kullet).

Det er ein veldig positiv og lærevillig gjeng å ha med seg, dei kjem gjerne med innspel til aktivitetar og likar godt at dei av og til kan velje kva leik vi har til avslutning.
For våren 2020 er vi påmeldt 3 turneringar.

Trenarane: Morten Vedvik og Solbjørg Grøneng
Lagleiar: Ingrid Døskeland

FELLES ÅRSMELDING FRÅ ALPINGRUPPA OG DRIFTS- OG ANLEGGS-NEMNDA FOR ÅRBERGSDALEN ALPINSSENTER.

Illustrasjon 1: Slalomrenn i Årbergsdalen alpinsenter. Foto: Marita Ness

Nemndene har i 2019 hatt slik samansetjing:
Alpingruppa: Helge Følid, leiar, Martin Olav Senneset, Oddgeir Storhaug, Marita Ness. og Kjetil Nistad.

Drifts- og anleggsnemnda: Martin Olav Senneset, leiar, Arne Nistad, Eirik Ness, Ivar Johan Aarberg, Eirik Nistad, Trond Nistad, Amund Hestad, Per Einar Eggen Ness.

Alpinbakken var diverre ikkje i drift i 2019 grunna snømangel.

Gruppene har gjennomført ein del dugnadsarbeid i bakken og på bygg. Ny (brukt) brakke er sett opp i 2. trekket og 3. trekket for å gje dei som har vakt betre arbeidstilhøve.
Der er hogge ein del skog som kjen nær innpå straumkabelen til lysa, og toppunktet på 2. trekket er flytta litt nedover for at dette skal gje mindre slitasje på tauet. Den planeringa vi hadde rekna med å gjennomføre vart berre delvis gjennomført og utan kostnad for idrettslaget.

Nemndene var saman med langrennsgruppa og hoppgruppa ansvarlege for loppemarknaden under Gaularmarknaden. Mange stilte opp under innsamling, avvikling av marknaden og oppryddinga etterpå. Ei særskilt takk til Nistad Transport for velvilje med transport og Ove Myrmel for at vi fekk kvitte oss med det som var til overs etter oppryddinga. Også ein særskilt takk til Bodil Øvretveit som også denne gongen stilte som friviljug leiar av loppemarknaden gjennom heile helga.

Økonomi.
Anlegget er gjeldfritt, men har langsiktig leigeavtale på grunn. Grunneigaren vil no at leiga skal gå inn i finansieringa av garasjebygg. Takk til grunneigarane..

Anlegget, bygg, trekk, lys, trakkemaskin, snøscooter..
Varmestova er frå 1994. På bygget og anlegget elles vert det utført noko arbeid kvart år og særleg i 2010 er gjort mykje med kledning utvendes og oppussing innvendes. Bygget er tenleg til varmestove med kiosk og brukande toalettforhold. Det er eit problem at vasskjelda frys til, og det har vore nytta provisoriske løysingar til vassforsyning.
Nytt elskåp vart montert i 2015 i hovudbrakka. Det same gjeld nytt brytarskåp i 2. trekket.
Det vart hausten 2016 lagt fram jordkabel for straum til anlegget.

Det vert arbeidd med å få til eit garasjebygg for trakkemaskina, snøscooter m.m. Ringmur til bygget vart støypt i 2011.
Søknad om spelemidlar er godkjent og bygget har fått idrettsfunksjonell godkjenning.

Kostnad i søknad om spelemidlar				Kr. 548.182
Dugnad	Kr 206.104			
Spelemidlar		« 183.000		
Idrettslaget		« 100.000		
Alpingruppa:				
Sparebankstiftinga	Kr 60.000			
Innsamla	« 44.750	« 104.750		
Mva.komp av				
kr. 220.000		« 55.000	«	648.850
Differanse			Kr.	100.600

Alpingruppa skal etter vedtak på årsmøte skaffe kr. 104.500. Sparebankstiftinga har gjeve tilsagn om kr. 60.000. I tillegg har alpingruppa skaffa kr. 50.284 dersom leiga for grunn vert sett av til føremålet i rekneskapet for 2019.
Vi har såleis litt meir enn det som er kravd. Reknar ein med meirverdiavgiftskompensajon inn i finansieringa er prosjektet likevel fullfinansiert utan desse midlane.
Det er ikkje gjeve tilsagn om når spelemidlane kan betalast ut. Søknaden er fornya for 2020. Det vil difor vere behov for at idrettslaget forskotterer desse midlane, kr. 183.000. Dette bør takast med i budsjettvedtaket saman med idrettslaget sin del av kostnaden kr. 100.000.

3. trekket har ikkje vore i drift på lenge. Det er ynskjeleg å få dette igang att sidan dette området er det mest snøsikre. Det er gjort ein del førebuingar til dette. Vi har heismaskin til dette, men manglar tau. Det må eventuelt søkjast om ny konsesjon for å få dette trekket i drift att.

Trakkemaskina er Kaersbohrer Pisten Bully 280 D, 96-modell.
Snøscooter: Yamaha Viking II, 94-modell.
Det er tre trekktrasear i anlegget: 1. 397 m, 2. 470 m, 3. 390 m.
Det vart kjøpt inn nytt tau til 1. trekket i 2011. Tauet i 2. trekket vart skifta i 2010.

Det er frå 2008 innført sertifiseringskrav til dei som skal vere ansvarlege for drift av tautrekk.
Amund Hestad og Martin Olav Senneset gjennomførde påkreva kurs i Oslo i 2009. Amund Hestad er driftsansvarleg for anlegget. Det vert arbeidd med å få ein til til å ta dette sertifikatet, men det viste seg

at det vart vanskeleg å få nokon til å ta det 3-dagars kurset som må til sidan det vert arrangert på vanlege yrkesdagar.

Dei to nederste trekka vart godkjent av Veritas med mindre merknader i 99. Det vart gjennomført kontroll frå Veritas i 2002, 2008 og 2011. Merknader er retta opp.

Ny leigeavtale for grunn vart tinglesen i 2018 og gjeld no til 2060.
Konsesjonen for anlegget i Årbergsdalen gjeld til 2023.

Sande, 09.02.2020

Helge Følid
Leiar alpingruppa

Martin Olav Senneset
Leiar drifts- og anleggsnemnda

3

Årsmelding Hoppgruppa

Hoppgruppa i Gaular IL har eit nært samarbeid med hoppgruppa i Førde IL og Kleiva Hoppanlegg om trening .

